Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	937 898 614
Organisasjonsform:	Sparebank
Foretaksnavn:	LUSTER SPAREBANK
Forretningsadresse:	Øyagata 2 6868 GAUPNE

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern:	Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	IFRS

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Reidar Fåberg
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	18.03.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 30.06.2023

Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Renteinntekter og liknande inntekter			
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kredittinstitusjonar og fi		744 000	1 837 000
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kundar		82 781 000	99 378 000
		5 000	223 000
Sum renteinntekter og liknande inntekter	17	**83 530 000**	**101 438 000**
Rentekostnader og liknande kostnader			
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på gjeld til kredittinstitusjonar og finansierings		1 459 000	1 994 000
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar		11 642 000	21 069 000
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på utskrivne verdipapir		3 975 000	7 006 000
Øvrige rentekostnader		2 930 000	2 324 000
Sum rentekostnader og liknande kostnader		**20 006 000**	**32 393 000**
Netto renteinntekter	17	**63 524 000**	**69 045 000**
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	19	17 707 000	15 278 000
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	19	2 276 000	2 028 000
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument			
Inntekter av aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument		7 914 000	6 608 000
Sum utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	19,26, 27	**7 914 000**	**6 608 000**
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument			
Netto verdiendring og vinst/tap på renteberande verdipapir			60 000
Netto verdiendring og vinst/tap på aksjar og andre eigenkapitalinstrument		7 467 000	9 671 000
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle derivat		114 000	373 000
Sum netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	19	**7 581 000**	**10 104 000**

Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Andre driftsinntekter	19	7 000	87 000
Lønn og andre personalkostnader		19 639 000	19 972 000
Andre driftskostnader	22	**20 281 000**	**19 418 000**
Av-/nedskrivingar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle eigedelar			
Avskrivingar	28	958 000	1 107 000
Sum av-/nedskrivingar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle eigedelar		**-958 000**	**-1 107 000**
Kredittap på utlån, garantiar m.v. og renteberande verdipapir			
Kredittap på utlån målt til amortisert kost eller verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekt	9	3 448 000	18 997 000
Kredittap på garantiar og ubenytta rammekreditter målt til verkeleg verdi over resultat	9	27 000	-4 000
Sum kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	9	**3 475 000**	**18 993 000**
Resultat før skatt frå vidareført verksemd		**50 104 000**	**39 604 000**
Skatt på resultat frå vidareført verksemd	24	9 257 000	9 426 000
Resultat etter skatt frå videreført verksemd		**40 847 000**	**30 178 000**
Resultat før andre inntekter og kostnader		**40 847 000**	**30 178 000**
Andre inntekter og kostnader			
Estimatendringer knytta til ytelsesbaserte pensjonsordninger	36	-855 000	-608 000
Skatt på andre inntekter og kostnader som ikkje blir omklassifisert til resultatet	24	-214 000	-152 000
Øvrige andre inntekter og kostnader	9	-233 000	221 000
Skatt på andre inntekter og kostnader som kan bli omklassifisert til resultatet	24	-58 000	55 000
Sum andre inntekter og kostnader		**-816 000**	**-290 000**
Totalresultat for rekneskapsåret		**40 031 000**	**29 888 000**

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Kontantar og kontantekvivalentar	12,16, 25,26	70 966 000	71 454 000
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost	12,16, 25,26	214 172 000	165 529 000
Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak		**214 172 000**	**165 529 000**
Utlån og krav på kundar			
Utlån og krav på kundar til verkeleg verdi		2 549 505 000	2 308 191 000
Utlån og krav på kundar til amortisert kost		934 058 000	870 664 000
Sum utlån og krav på kundar	3,6,7,8 ,9,10,1 1,12,1 6,25,2 6	**3 483 563 000**	**3 178 855 000**
Renteberande verdipapir			
Sum renteberande verdipapir		**0**	**0**
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument			
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument	12,16, 25,26, 27	461 000 000	439 930 000
Immaterielle eigedelar			
Immaterielle eigedelar	28	21 000	133 000
Varige driftsmiddel			
Eigarnytta eigedom		5 805 000	6 054 000
Andre varige driftsmiddel		1 937 000	1 519 000
Sum varige driftsmiddel	28	**7 742 000**	**7 573 000**
Andre eigedelar			
Eigedelar ved utsett skatt	24	5 368 000	4 937 000

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Andre eigedelar	30,36	28 922 000	26 862 000
Sum andre eigedelar		**34 290 000**	**31 799 000**
SUM EIGEDELAR		**4 271 754 000**	**3 895 273 000**
BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL			
GJELD			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost	12,16, 25,26, 31	195 405 000	65 061 000
Sum innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak		**195 405 000**	**65 061 000**
Innskot og andre innlån kundar			
Innskot og andre innlån frå kundar til amortisert kost	12,16, 26,32	3 082 429 000	2 821 436 000
Sum innskot og andre innlån frå kundar		**3 082 429 000**	**2 821 436 000**
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir			
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til amortisert kost	12,16, 25,26, 33	345 444 000	400 735 000
Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir	12,16, 25,26, 33	**345 444 000**	**400 735 000**
Finansielle derivat			
Finansielle derivat	25,35	306 000	0
Anna gjeld			
Anna gjeld	34	4 649 000	4 827 000
Avsetjingar			
Pensjonsplikter	36	23 377 000	21 417 000
Pliktar ved periodeskatt	24	9 469 000	7 368 000
Avsetjingar på garantiar og unytta rammekredittar	6,7,8,9	847 000	450 000
Andre avsetjingar		7 816 000	7 827 000
Sum avsetjingar		**41 509 000**	**37 062 000**

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Ansvarleg lånekapital			
Sum ansvarleg lånekapital		**0**	**0**
Fondsobligasjonskapital			
Sum fondsobligasjonskapital		**0**	**0**
Sum gjeld		**3 669 742 000**	**3 329 121 000**
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Sum innskoten eigenkapital		**0**	**0**
Opptent eigenkapital			
Fond for urealiserte vinster		40 269 000	40 269 000
Sparebanken sine fond		538 734 000	502 202 000
Gåvefond		23 009 000	23 681 000
Sum opptent eigenkapital		**602 012 000**	**566 152 000**
Sum eigenkapital		**602 012 000**	**566 152 000**
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		**4 271 754 000**	**3 895 273 000**


Luster Sparebank

Årsrapport 2021

Hovudtrekk i rekneskapen 3
Årsmelding
- *Bankåret 2021* 4
- *Samfunnsansvar og berekraft* 4
- *Banken og lokalsamfunnet* 5
- *Banken og digitale løysingar* 8
- *Samarbeidspartnarar* 8
- *Økonomiske utviklingstrekk 2021* 9
- *Resultat og balanse 2021* 12
- *Risikostyring, internkontroll og compliance* 13
- *Personale – arbeidsmiljø* 15
- *Utsiktene framover* 16
- *Takk til kundar, tillitsvalde og tilsette* 17

Rekneskap 18
Notar 22
Melding frå revisor 80

Luster Sparebank

Hovudtrekk i rekneskapen for 2021

(tal i millionar kr.)	2021	2020	2019	2018	2017
Netto renteinntekter	63,5	69	62,7	57,9	55,1
Netto andre driftsinntekter	30,9	30,1	26,7	19,1	20,6
Sum driftsinntekter	94,4	99,1	89,4	77	75,7
Driftskostnader	40,9	40,5	42,5	40,4	36,6
Driftsresultat før tap og skatt	53,6	58,6	46,8	36,6	39,1
Nedskrivingar og tap på utlån	3,5	19	3,1	2,2	2,3
Vinst(-)/tap verdipapir anleggsmiddel	0	0	0,4	-7,2	-4,9
Resultat før skatt	51	39,6	43,3	41,6	41,7
Skatt	9,3	9,4	9,8	8,1	8,8
Andre inntekter og kostnader	-0,8	-0,3			
Totalresultat for rekneskapsåret	40	29,9	33,5	33,5	32,8

(I prosent av gj. forvaltningskapital)	2021	2020	2019	2018	2017
Netto renteinntekter	1,56 %	1,80 %	1,69 %	1,64 %	1,65 %
Netto andre driftsinntekter	0,76 %	0,78 %	0,72 %	0,54 %	0,62 %
Sum driftsinntekter	2,32 %	2,58 %	2,41 %	2,18 %	2,27 %
Driftskostnader	1,00 %	1,06 %	1,14 %	1,14 %	1,10 %
Driftsresultat før tap og skatt	1,32 %	1,53 %	1,26 %	1,04 %	1,17 %
Nedskrivingar og tap på utlån	0,09 %	0,50 %	0,08 %	0,06 %	0,07 %
Vinst(-)/tap verdipapir anleggsmiddel	0	0	0,01 %	-0,19 %	-0,15 %
Resultat før skatt	1,23 %	1,03 %	1,17 %	1,17 %	1,25 %
Skatt	0,23 %	0,25 %	0,26 %	0,23 %	0,27 %
Andre inntekter og kostnader	-0,02 %	-0,01 %			
Totalresultat for rekneskapsåret	0,98 %	0,78 %	0,90 %	0,95 %	0,99 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	**4.071**	**3.831**	**3.715**	**3.541**	**3.330**

Nøkkeltal (kr-beløp i mill.)	2021	2020	2019	2018	2017
Forvaltningskapital	**4.272**	**3.895**	**3.767**	**3.664**	**3.418**
Brutto utlån til kundar	3.509	3.216	3.125	3.012	2.826
Innskot frå kundar	3.082	2.821	2.680	2.523	2.451
Eigenkapital	602	566	491	460	430
Eigenkapitalprosent	14,09 %	14,53 %	13,02 %	12,55 %	12,56 %
Konsolidert kapitaldekning	23,26 %	22,32 %	20,73 %	19,86 %	20,82 %
LCR	180 %	160 %	176 %	212 %	113 %
Eigenkapitalrentabilitet	8,47 %	7,15 %	9,12 %	9,35 %	9,71 %
Årsverk	20,42	22,1	22,5	22,5	21,3
Driftskostnader i % av inntekter eks verdipapir	47,05 %	45,30 %	49,79 %	52,76 %	48,57 %

Bankåret 2021

Styret i Luster Sparebank har gleda av å legge fram eit svært godt resultat for 2021.

Som lokalbank er utviklinga til Luster Sparebank nær knytt til både dei økonomiske tilhøva i kommunen og den generelle økonomiske utviklinga i landet.

2021 vart også eit spesielt år, grunna Covid-19.
Det har vore periodar med høge smittetal som har ført til at banken har vore oppdelt i kohortar, der ein kohort har vore i banken og den andre på heimekontor annakvar veke.
Bankverksemd vert sett på som ei samfunnskritisk funksjon, og me må til ei kvar tid levere våre tenester. Dette har me også klart på ein god måte i 2021, trass situasjonen med Covid-19.

Luster Sparebank har hovudmarknaden sin i Luster, men over tid har me fått fleire og fleire kundar utanfor kommunen. 33 % av innskota og 57 % av utlåna kjem frå kundar utanfor kommunen. Kundane utanfor kommunen er såleis ei svært viktig kundegruppe for banken.

Luster Sparebank har eit totalresultat for 2021 på kr 40,0 millionar. For rekneskapsåret 2020 synte resultatet eit overskot på kr 29,9 millionar. Med bakgrunn i rammevilkåra for norsk næringsliv i 2021 er styret godt nøgd med resultatet. Banken har klart å oppretthalde ein god rentenetto, utviklinga på banken sine verdipapir har vore god og driftskostnader i prosent av forvaltingskapital har gått ned samanlikna med 2020.

Forvaltningskapitalen har auka med 9,67 % til kr 4.272 millionar. Utlån til kundar inkludert overføring til Verd Boligkreditt AS har auka med 4,52 % og er no på kr 4.699 millionar. Innskot frå kundar har auka med 9,25 % og er no på kr 3.082 millionar.

Luster Sparebank har hatt ein renteendring i 2021. Ved slutten av året var rentenettoen 1,56 % mot 1,80 % ved førre årsskifte.

Samfunnsansvar og berekraft

Luster Sparebank skal vere ein sjølvstendig og frittståande bank som skal spele ei aktiv rolle i utviklinga av lokalsamfunn og næringsliv. Banken har i løpet av 2021 fått på plass strategi for berekraft og samfunnsansvar samt produkt som skal motivere kundane til berekraftige val. Desse produkta vert introduserte første kvartal 2022.

Ambisjonen til Luster Sparebank er å bidra til eit betre miljø, støtte opp under EU sitt mål om reduksjon av klimautslepp, identifisere klimarisiko, styrke konkurransekrafta til banken og vere attraktiv for kundar og andre interessentar. Dette skal me nå ved å redusere eigne utslepp, gjere ansvarlege investeringar, gåvetildeling, sponsorverksemd og ved å påverke og legge til rette for at leverandørar og kundar kan gjere berekraftige val og investeringar.

Arbeidet med å kjempe mot korrupsjon, kvitvasking, terrorfinansiering og anna økonomisk kriminalitet står sentralt i forretningsdrifta til banken. Me har strenge regelverk knytt til antikvitvask-arbeid. Banken har etisk regelverk som alle tilsette føl. Me skal ta vare på våre tilsette og vere ein inkluderande arbeidsplass som fremjar likestilling. Det er eige verneombod i banken og me er registrert som IA-bedrift.

Banken vart resertifisert som Miljøfyrtårn våren 2021. Denne sertifiseringa fokuserer på banken sine miljøutslepp og kva me som bank kan bidra med for å nå FN sine berekraftsmål. Sertifiseringa har strenge kriterie som er tilpassa bransjen vår, bank og finans.

Banken skal bidra med å gjere tilgjengeleg grøn sparing og grøne lån. I 2021 introduserte banken grøne lån innan fornybar energi på land, og har i dag ein portefølje på grøne lån på kr. 30 millionar. Fleire av dei grøne produkta vert introduserte for kundane første kvartal 2022.

Banken og lokalsamfunnet

Luster Sparebank støttar frivillige lag og organisasjonar med store summar kvart år. Banken er hovudsponsor for alle dei fem idrettslaga i Luster kommune, samt Sogndal Idrettslag og Studentspretten i Sogndal kommune. I 2021 vart alle samarbeidsavtalane med idrettslaga fornya.
I tillegg vart samarbeidsavtalane med Hafslo skyttarlag, Lustrabadet, Sogn skisenter og Sogn ridehall fornya.
Vidare har banken samarbeidsavtalar med mellom anna Luster Røde Kors, Luster Turlag, Sogndal Turlag, Sogndal Fotball, Luster Folkeakademi, Vite Meir og Stiftinga Wittgenstein i Skjolden.

Banken tek initiativ til å samle lag og organisasjonar som har samarbeidsavtale til felles årleg møte for erfaringsutveksling og for å sjå etter forbetringspotensiale. I 2021 har me ikkje hatt noko samling grunna koronasituasjonen.

Mobil betalingsterminal
Luster Sparebank låner ut ein mobil betalingsterminal gratis til alle lag og organisasjonar som er kundar i banken. Terminalen blir mykje nytta under ulike arrangement.
I tillegg har banken vore aktiv for å etablere Vipps, ei teneste som fungerer svært godt for mange lag og organisasjonar, då tenesta nærast er blitt allemannseige.

Personleg økonomi i skulen
Luster Sparebank har i fleire år blitt invitert inn i 9. klasse ved Luster Ungdomsskule. Dei siste åra har me bidrege med ein halv dag undervisning i faget entreprenørskap.
Der får elevane lære om personleg økonomi og sunne økonomiske vanar, samt enkel bedriftsøkonomi.
Det er viktig for oss at born og unge lærer om sunne økonomiske vanar så tidleg som mogleg.

Gåver og tilskot

Luster Sparebank deler kvart år ut ein del av overskotet som gåver til allmennyttige formål. I 2021 har omlag 150 lag og organisasjonar fått gåvemidlar.

Vite Meir – Vitensenteret i Sogn og Fjordane

Vite Meir opna på Kaupanger i november 2021. Luster Sparebank er har teikna ein samarbeidsavtale over tre år, der mellom anna busstransport for elevar i Luster kommune er ein del av avtalen. Dette sikrar at alle grunnskuleelevar i Luster kommune får oppleve ein dag på Vite Meir i løpet av skuleåret.
Banksjefen og leiar for personmarknad var med på den første bussturen og fekk ein kjekk dag på Vite Meir i lag med elevane i 5. og 7. klasse ved Gaupne skule.

Sogn Skisenter

Sogn Skisenter er eit viktig aktivitetstilbod for Luster og nabokommunane. Det er planlagt ei større anleggsutbygging på skisenteret, som skal innehalde hoppbakke K10 og K19 inkl. lysanlegg, sprint- og rulleskiløype og snøproduksjonsanlegg.
I årets siste styremøte vart det løyvd ei gåve på kr 1.000.000,- til anleggsutbygginga ved Sogn skisenter.

Bygdelaga i Luster kommune

Det er 11 bygdelag i Luster kommune, som alle spelar ei viktig rolle i lokalsamfunnet og gjer til at det er kjekt å vere innbyggar i Luster.
Like før jul hadde me gleda av å dele ut ei overraskande julegåve til alle dei 11 bygdelaga.
Det vart delt ut totalt kr 1.100.000,- fordelt på ein fast sum på kr 50.000,- til kvart bygdelag, og resterande sum delt etter folketal.

Stiftinga Ormelid Gard

Ormelid er ein freda høgdegard 450 moh. i Fortunsdalen.
Sidan 2018 har det pågått eit omfattande restaureringsarbeid på garden for å bevare bygningane i gardstunet, det flotte kulturlandskapet og det rike biologiske mangfaldet.
Styret i Luster Sparebank har løyvd kr 300.000,- til bygging av uthus med våtrom og utedoar.

Andre gåver og tilskot

Av andre større tiltak me har støtta med gåve eller sponsorstøtte/kjøpt profilering til, utover den ordinære gåvetildelinga, kan nemnast:

- Tungestølen
- Sommarskule i Luster
- Luster Danseverkstad
- Bokprosjekt om Harastølen
- Sogndalsrussen sitt krafttak mot kreft
- «Løp for meg» til inntekt for Barnekreftforeningen, arrangert av IL Fanaråk
- Kristen Ungdom Luster
- Strongman-arrangementet Bingopower Classic
- Stølsraut – minifestival på Simosete
- HaustMoro i regi av Luster kommune og Frivilligsentralen
- Konsert med Folk Flest i Sogndal kulturhus
- Julekonsertar i regi av Julesong
- Julekonsertar i regi av «A soulful christmas»
- Juleglede, Luster Røde Kors
- Hafslo Songlag
- Luster Turlag 25 års jubileum

Banken støttar Kulturdagane på Skjolden, Olsokmarknaden i Fortun og Lustramarknaden økonomisk, samstundes som me deltek aktivt med stand på Lustramarknaden. Desse arrangementa vart avlyste i 2021 grunna koronasituasjonen.

Me vil også trekke fram utdeling av kultur- og næringsstipend til ungdom.
Stipenda pleier å bli utdelte under Lustramarknaden, men då denne måtte avlysast i år også, vart utdelinga digital. Alle ungdomane har sendt oss ein film som me har delt i våre digitale kanalar, der dei har fått synt fram talenta sine.
Målet med ungdomsstipendet er å støtte opp om unge mellom 16 og 25 år som har ambisjonar om å utvikle talentet sitt. Stipendet går til dei som satsar målmedvite for å ta eit steg vidare innan song, musikk eller anna kultur, vil utvikle seg innan idrett/sport, eller har gode idéar og planar om å drive eiga næringsverksemd.
Fem ungdomar med ambisjonar om å utvikle eigne talent fekk ungdomsstipend på kr 10.000,- kvar i 2021.

Luster Sparebank med fleire har saman med idrettslaga i kommunen oppretta eit «laug» som deler ut stipend til ungdommar som er på veg til elitenivå i sin idrett. Det er idrettslaga som melder inn kandidatar til lauget.

Sparebankveka kunne ikkje gjennomførast som normalt i år heller, då det kom ei kraftig smittebølgje i desember. For å unngå å samle så mykje folk på ein gong, vart Sparebankveka gjennomført over tre heile månader; desember, januar og februar. Tømmepremie i år var refleksbag og søte gode drops, som såg ut til å falle i smak. I tillegg vart det trekt ut to vinnarar som fekk kvar sin iPad.
Oppslutninga på opplegget i år vart naturlegvis noko lågare utan fysisk arrangement, men det er gledeleg å sjå at fleire sparar digitalt. Alle som kan syne til at dei har spart noko i løpet av året får premie.

Lokalmarknaden

Folketalsutvikling i Luster:

År	Innbyggjarar	År	Innbyggjarar
1970	5.126	2017	5.223
1980	5.102	2018	5.195
1990	5.172	2019	5.174
2000	5.003	2020	5.189
2010	4.945	2021	5.246

Det er svært viktig for utviklinga i kommunen at folketalet vert oppretthalde. Det er då gledeleg å sjå at me har hatt ei positiv folketalsutvikling dei siste åra. Omlag 18 % av innbyggjarane er 67 år eller eldre, noko som inneber at Luster kommune har forholdsvis høg snittalder.

Ei utfordring for Luster, til liks med mange andre distriktskommunar, er at ein svært stor del av ungdomane tek høgare utdanning i andre delar av landet, og at arbeidsmarknaden for personar med slik utdanning er avgrensa. Luster er likevel i ein betre posisjon enn mange andre kommunar grunna kort avstand til Sogndal og Leikanger. Det pendlar omlag 660 personar ut av kommunen til Sogndal og Leikanger og omlag 190 personar inn til kommunen frå Sogndal og Leikanger. Ei utfordring blir då å gjere Lustrasamfunnet attraktivt å bu i sjølv om arbeidsplassen ligg i ein nabokommune.

Statistisk sentralbyrå sin statistikk syner at det var registrert 74 arbeidsledige i Luster kommune. Dette er eit litt høgare tal enn fjoråret, tilsvarande tal for 2020 var 40.

Arrangement

I mange år har Luster kommune og Luster Sparebank arrangert møte og kurs for næringslivet i kommunen og regionen. Det har gjennom åra vore mange ulike tema som har vore sett fokus på. Attendemeldinga og interessa frå næringslivet har vore god. I 2020 og 2021 var det ikkje mogleg å arrangere temakveld for næringslivet grunna koronarestriksjonar.

Banken og digitale løysingar

Koronapandemien har ført til hurtig-digitalisering i Noreg og elles i verda. Banken har i periodar hatt mange tilsette på heimekontor. Ved å bruke skyløysingar og digitale arbeidsmetodar så har dette fungert veldig godt. Som fleire andre verksemder har banken redusert reiseverksemd til nesten ingen reiser. Ved å gjennomføre møter, kurs og andre samlingar digitalt så har banken spart kostnader, samstundes som me har bidrege til mindre miljøutslepp.

Banken har gode digitale kundeløysingar. Det meste kan gjerast sjølvbetent i mobil- og nettbank. Me tilbyr dei mest brukte betalingsløysingane i marknaden. Kundane kan betale frå mobil- og nettbank, Vipps, Google Pay® og med klokkebetaling gjennom Garmin Pay® og Fitbit Pay®.

Samarbeidspartnarar

Dei Samarbeidande Sparebankane (DSS)

Samarbeidet med DSS er særs viktig for Luster Sparebank. Bakgrunnen for samarbeidet er at bankane kan trekke synergiar gjennom mellom anna innkjøpsavtalar, meirsal, kostnadssparing og andre stordriftsfordelar. Deltakarar i samarbeidet er: Spareskillingbanken, Haugesund-, Etne-, Flekkefjord-, Lillesands-, Skudenes & Aakra-, Søgne og Greipstad-, Voss- og Luster Sparebank.

Finans Norge

Finans Norge representerer heile finansnæringa i Noreg og tek vare på både det næringspolitiske og arbeidsgjevarmessige samarbeidet.

Framtidsfylket AS

Framtidsfylket er eit selskap eigd av næringsorganisasjonar, arbeidsgjevarar, fylkeskommunen og kommunar og har som hovudmål: Vekst og verdiskaping i Sogn og Fjordane gjennom rekruttering av kompetent arbeidskraft. Luster Sparebank er medeigar i selskapet.

Frende Forsikring AS – Frende Holding AS

Luster Sparebank gjekk i 2007 inn på eigarsida i forsikringsselskapet Frende Forsikring. Saman med 14 andre sparebankar vart dermed Frende Skadeforsikring AS og Frende Livsforsikring AS stifta.
I mars 2022 vart det klart at dei ti Lokalbank-bankane har kjøpt seg inn i Frende Holding AS.
Både skade- og livselskapet har tilhald i Bergen. For banken betyr dette at me via Frende kan tilby eit totalt forsikringsprodukt med både liv- og skadeforsikring. Banken har brukt ressursar på forsikringssatsinga og det er gledeleg å sjå at det har gjeve resultat.

Norne Securities AS

Luster Sparebank har ein eigarpost i verdipapirføretaket Norne. Via Norne kan Luster Sparebank tilby kundar som ynskjer å handle enkeltaksjar eit svært godt handels- og porteføljesystem. Her ligg og sals- og kjøpsrettleiingar med utfyllande kommentarar.

Verd Boligkreditt AS

Luster Sparebank er medeigar i Verd Boligkreditt AS. Bustadkredittselskapet er med på å sikra banken betre funding og likviditet.

Brage Finans AS

Brage Finans er eit frittståande finansieringsselskap med hovudvekt på billån til privatmarknaden og leasing til bedriftsmarknaden. Selskapet vart etablert i 2010 av Luster Sparebank saman med mellom anna DSS-bankane, Fana Sparebank og Sparebanken Vest. Gjennom Brage Finans AS kan me tilby gode løysingar for denne typen finansiering, mellom anna sjølvbeteningsløysing for billån på nettsidene våre.

Eiendomskreditt AS

Luster Sparebank er aksjonær i Eiendomskreditt AS som held til i Bergen. Eiendomskreditt AS og dotterselskapet Kredittforeningen for Sparebanker er samarbeidspartnarar som blir nytta i samband med innlån av midlar og dei er aktuell partnar i større låneengasjement.

Balder Betaling AS

Luster Sparebank var med å etablere Balder saman med alle «Frende» bankane, som vårt eigarselskap då 106 norske bankar i 2017 gjekk inn på eigarsida i Vipps. Dette var ein historisk avtale for Luster Sparebank og norsk banknæring. Avtalen vil styrke posisjonen vår som sparebank i ei verd der den digitale utviklinga går lynraskt. Vipps vart skilt ut frå dåverande eigar DNB 01.09.2017. Nyleg fusjonerte Vipps med verdsleiande aktørar innan betalings- og identifiseringsteknologi, BankAxept og BankID, og vidareutviklar tenestene innan dette området.

Fondsselskap

Luster Sparebank har distribusjonsavtalar med DNB og fondsselskapa Odin og Skagen Fondene. Dette gjer at banken kan tilby kundane spare- og fondsprodukt frå fleire aktørar. I 2017 vart Norne ny leverandør av fondshandelsløysing for Luster Sparebank.

Økonomiske utviklingstrekk 2021

Norsk økonomi har i løpet av 2021 henta seg sterkt inn att etter tilbakeslaget som kom av pandemien og pålagde restriksjonar frå styresmaktene. Norges Bank har i to omgangar heva styringsrenta frå rekordlåge null prosent, og har signalisert ytterlegare tre rentehevingar i 2022. Aktiviteten i økonomien er tilbake på nivået før krisa kom, arbeidsløysa er betydeleg redusert og prisveksten har teke seg opp. Høg vaksinasjonsgrad i befolkninga har dempa risikoen for nye tilbakeslag og behov for nye restriksjonar som følgje av virusmutasjonar.

Global økonomi

Pandemien har i snart to år prega utviklinga i verdsøkonomien. Den økonomiske innhentinga har vore sterk også internasjonalt med reduksjon i restriksjonar og auka mobilitet. Aukande smittetrend som følgje av spreiing av omikronvarianten og nye smitteverntiltak har sidan i fjor haust lagt en dempar på veksten. Flaskehalsar i globale verdikjeder med påfølgjande høg prisvekst, i tillegg til høge straumprisar i Europa, har påverka vekstbiletet negativt.

Høgare prisar på energi, råvarer, elektroniske komponentar og fraktratar har medverka til markert oppgang i prisveksten. Utsikter til høgare prisvekst også i 2022 har medverka til å trekke opp forventningar til høgare styringsrenter, noko som også har ført til større usikkerheit i aksjemarknadane.

Det er stor internasjonal usikkerheit om den vidare gangen i pandemien. Mykje vil avhenge av vaksinasjonsgrad i befolkninga og effektiviteten til vaksinane mot nye mutasjonar. Samstundes held risikoen fram for høg inflasjon, aukande smitte og strenge tiltak pålagd av styresmakter.

Norsk økonomi
I løpet av 2021 har norsk økonomi vore gjennom ei rask innhenting, med sterk vekst i aktivitetsnivået og minkande arbeidsløyse. I Noreg, som i resten av verda, har auka smittespreiing av omikronvarianten mot slutten av fjoråret og omfattande smitteverntiltak lagt ein dempar på aktiviteten.

Våren 2021 starta styresmaktene på ein gradvis gjenopning av samfunnet ved å lette på smitteverntiltaka. Gjenopninga førte til ein solid oppgang i norsk økonomi, og i tredje kvartal steig BNP for fastlands-Noreg med 2,6 prosent.

Norske husholdningar har spart vesentleg meir enn normalt gjennom pandemiperioden, med avgrensa moglegheiter for forbruk og prega av usikkerheit. I takt med gradvis avvikling av restriksjonar er det venta eit auka konsum i husholdningane, særleg av tenester, noko som vil bidra til å løfte aktiviteten i norsk økonomi framover.

Straumprisane har auka markant sidan hausten 2021, og det ser ut til at prisane vil halde seg høge. Prisauka bidreg til å trekke ned disponibel realinntekt, sjølv om regjeringa si straumstøtteordning reduserer effekten noko. Utsikter til høgare rentekostnadar og mindre overføringar frå det offentlege med avviklinga av ekstraordinære støtteordningar kan dempe veksten framover. På den andre sida er det venta ein høgare lønnsvekst.

For å dempe tilbakeslaget som følgje av pandemien og statlege restriksjonar, er det ført ein svært ekspansiv penge- og finanspolitikk. Norges Bank kutta styringsrenta til null prosent i mai 2020, og hald renta på eit rekordlågt nivå fram til september 2021. Sentralbanken grunngav rentehevinga med markert oppgang i norsk økonomi etter gjenopninga, og at aktivitetsnivået hausten 2021 var høgare enn før pandemien inntraff. Norges Bank heva renta att i desember, til 0,50 prosent, og signaliserte samstundes i renteprognosen tre ytterlegare rentehevingar i løpet av 2022.

Ifølgje nysaldert budsjett for 2021 er det anslege at dei økonomiske tiltaka i møte med pandemien er på 90,4 milliardar kroner. Av dette er nærare 34 milliardar til tiltak for bedrifter, herunder kompensasjonsordninga. Det er brukt om lag 20 milliardar i tiltak for hushaldningar i 2021, der mesteparten gjekk til Folketrygden. Resterande er målretta tiltak for sektorar med kritiske samfunnsoppgåver.

Fleire bedrifter i Norges Banks regionale nettverk rapporterte i november om ein sterk oppgang i kapasitetsutnyttinga og at mangel på arbeidskraft og utsetjingar i globale verdikjeder avgrensar produksjonen noko. Det er venta at desse forholda vil leggje ein dempar på vidare vekst. Kontaktane i nettverket rapporterer også dårlegare samsvar mellom tilgjengeleg og etterspurd arbeidskraft. NAV sin statistikk for nye ledige stillingar og Statistisk sentralbyrå sin utvalsundersøking for ledige stillingar stadfestar at etterspurnaden etter arbeidskraft har vore svært høg i 2021.

Næringslivet 2021

Den 12. mars 2020 stengde Noreg ned grunna koronapandemien. Pandemien og tiltaka som er sette i verk i etterkant har påverka næringslivet i Noreg og Luster. I starten av koronapandemien i 2020 vart mange permitterte, dette betra seg utover i 2020. I 2021 har tal permitterte vore lågt og talet på arbeidssøkjande har vore på eit «vanleg» nivå.

I 2020 og 2021 har det og vore fleire rundar med statlege kompensasjonar for næringslivet.

Reiselivsutviklinga
Reiselivet er absolutt den næringa som har merka mest til koronapandemien. 2019 var «all time high» for mange verksemder i reiselivet i Luster og bestillingane for sesongen 2020 indikerte ny rekord i tal besøkande. 2020-sesongen vart krevjande for mange reiselivsverksemder, særleg dei som til vanleg har stor

andel utanlandske gjester. I 2021 vart særleg siste delen av sesongen rimeleg bra, men framleis langt unna 2019 for dei fleste verksemdene.

Tal gjestedøgn på hotell, hytter og camping i Luster:

2021	2020	2019
70.395	60.271	100.292

Tabellen syner at trafikken har teke seg ein del opp (16,8%) frå sesongen 2020 til 2021. Men som ein ser så er trafikken betydeleg under 2019 sesongen. Samla nedgang i Luster er 29,8% for 2021 samanlikna med 2019.
Per d.d. har likevel alle bedrifter greidd seg gjennom pandemien. Det er ingen konkursar i reiselivet i Luster kommune.

Landbruk
Etter fleire år med store investeringar innan næringa har aktiviteten i år vore meir avgrensa, og det er kun èi større utbygging banken har vore med å finansiert i løpet av året. Luster kommune tilbyr gunstig finansiering til utbygging innan landbruket, noko som har vore med på å auke aktiviteten innan utbygginga i landbruket.

Handel og teneste
Handel over nettet er ein stor konkurrent til dei lokale «spesialbutikkane», medan dei fleste matbutikkane har gått bra, og somme svært bra i 2021.

Bygg- anleggsbransjen
Bustadbygginga lokalt har variert ein del i dei ulike delane av kommunen.
I byggefeltet Botn på Hafslo har det vore stor aktivitet og mange nye bustader er ferdigstilt og påbyrja i løpet av 2021.

Lokalt har det vorte oppført nye næringsbygg som vitnar om optimisme og satsing på framtida. Det vart selt fleire næringstomtar siste året både i Gaupne og på Hafslo, som fohåpentlegvis fører til meir bygging og aktivtet.

Statsgaranterte lån.
Banken har hatt svært få søknader om Statsgarantere lån. I dei få tilfella kundar har teke kontakt om redusert inntening grunna pandemien, har banken saman med kunden funne løysingar.

Oppsummering
Aktiviteten har i 2021 vore prega av koronapandemien. Næringane har blitt ulikt påverka av pandemien, reiseliv mest.
Sjølv om samfunnet i stor grad er opna opp att så er ikkje koronapandemien heilt over. Mange bedrifter melder om stort sjukefråver, noko som kan gje store utfordringar utover i 2022 også.
Elles opplever me mykje positivt relatert til utviklinga i næringslivet og mange flinke aktørar leverer stabile resultat over tid. Mange har gjort, eller står klare for, å utvikle bedriftene sine i tråd med krava frå samfunnet.
Som lokalbank prøver me etter beste evne å hjelpe etablerte og nye verksemder med finansiering og råd, og på den måten bidra til eit aktivt næringsliv i Luster kommune.

Resultat og balanse for 2021

Banken sitt totalresultat for rekneskapsåret 2021 er på kr 40,0 millionar. For rekneskapsåret 2020 synte resultatet eit overskot på kr 29,9 millionar.
Rentenettoen er på 1,56 % i 2021 mot 1,80 % i 2020. Den gode rentenettoen for 2020 skuldast delvis ekstraordinære føringar i samband med oppgjer av eit engasjement som fram til våren 2020 var tapsmerka. Dersom ein korrigerer for desse føringane, er rentenettoen på 1,63 % i 2020.

Avkastninga på verdipapir er høgare i 2021 enn i 2020. Som tiltak for å styrke soliditeten i landet sine finansinstitusjonar sette Finanstilsynet i 2020 grenser for kor mykje utbytte som kunne delast ut.
Det er ikkje sett grenser for utdeling av utbytte for 2021. Dette gjer at Luster Sparebank har kunna inntektsføre meir i utbytte i 2021 enn i 2020.
Løn og andre personalkostnader er redusert frå kr 19,9 millionar i 2020 til kr 19,6 millionar i 2021. Årsaka er nedgang i talet på årsverk. Andre driftskostnader har gått opp frå kr 19,4 millionar i 2020 til kr 20,3 millionar i 2021. Hovudårsaka er auka IT-kostnader.
Kostnadsprosenten er definert som forholdet mellom driftskostnader og driftsinntekter eks. vinst på verdipapir. Driftsinntekter er definert som summen av rentenetto og andre driftsinntekter utanom vinstar på verdipapir. Luster Sparebank har ein kostnadsprosent på 47,05 % for 2021. Dette er høgare enn i 2020 då kostnadsprosenten var på 45,30 %. Sjølv om kostnadsprosenten er høgare i 2021 enn i 2020, er styret godt nøgd med utviklinga av nøkkeltalet i 2021. Dette fordi det i 2020 vart oppgjort eit tapsmerka engasjement som auka renteinntektene og dermed reduserte kostnadsprosenten.

Etter tap er resultatet kr 50,1 mill. som er kr 10,5 millionar betre enn resultat i 2020. Etter skatt og andre inntekter og kostnader er resultatet kr 40,0 millionar.

Resultatet for år 2021 tilrår styret å nytte slik:

Avsetjing til gåver	kr 3.500.000
Overført til sparebanken sitt fond	kr 36.531.458
Sum disponert	Kr 40.031.458

Forvaltningskapital, utlån inkludert overføring til bustadkredittselskap og innskot har alle auka i 2021. Forvaltningskapitalen har auka med 9,7%. Utlån inklusiv overføring til Verd Boligkreditt AS har auka med 4,5%. Innskota har auka med 9,3 %.



I langsiktig finansiering har banken sju obligasjonslån plassert i marknaden.
I tillegg har banken langsiktige lån via Kredittforeningen for Sparebanker. Samla har banken ved årskiftet innlån for kr 540,9 millionar. Av dette har kr 80 millionar forfall i 2022.
Konsolidert kapitaldekning til banken pr. 31.12.2021 var 23,26 % mot 22,32 % pr. 31.12.2020. Eigenkapital i prosent av eigen balanse er pr. 31.12.2021 på 14,09 %.

Luster Sparebank har ved utgangen av 2021 ein bokført eigenkapital på kr 602,0 millionar. Eigenkapitalen pr 31.12.2020 var på kr 560,2 millionar.

Rekneskapen er sett opp under føresetnad om fortsatt drift.

Risikostyring, internkontroll og compliance

Risikostyring, internkontroll og compliance er eit prioritert område for styret. Overordna rammer for banken sin risikoeksponering og styring blir årleg vurdert og fastsett gjennom banken sine styrande dokument, og blir følgde opp gjennom regelmessig rapportering til styret, årleg budsjettering og gjennom banken sin kvalitetssikring. Styret har behandla den årlege internkontrollrapporten og kan stadfeste at den, etter styret si meining, er gjennomført og dokumentert i samsvar med CRR/CRD IV-forskrifta.

Styret har gjennomgått og vurdert banken sin risiko- og kapitalvurderingsprosess (ICAAP). ICAAP er integrert som ein del av styret og leiinga sine rutinar for overordna styring og kontroll. Styret meiner at banken har tilpassa seg regelverket på ein god måte ut frå banken sin storleik og risikoprofil.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er risikoen for at ein kunde eller motpart ikkje kan gjere opp sine forpliktingar ovanfor banken. Dette er ein av dei største risikoane for banken og relaterer seg i hovudsak til utlån og garantiar ovanfor

kundar. Styret vurderer kredittrisikoen til å vere moderat for lån til personmarknaden, men noko større på utlån til bedriftsmarknaden.

Av samla utlån er 72,7 % til personmarknaden og 27,3 % til bedriftsmarknad og det offentlege.

Styret vurderer utlåna som godt sikra. Banken har få store engasjement til bedriftsmarknaden. Misleghald og tapsutsette person- og næringslivslån er redusert i høve til fjoråret.

Det er utarbeida Strategi for kredittrisiko, samt kredittpolicy og kreditthandbok.
For å halde oversikt over risikoeksponeringa til banken har styret fastsett fleire rammer og måltal som vert rapportert kvartalsvis. Rapporteringa viser mellom anna porteføljeutvikling, store engasjement, engasjement fordelt på risikoklasse, utsette og misleghaldne engasjement. På privatmarknaden er det i tillegg rapportering ut frå forskrift om bustadlån og forbrukslån.

Samla tapsnedskrivingar på kr 25,4 millionar, er etter styret si vurdering tilstrekkeleg til å dekke banken sin kredittrisiko på utlån.

Banken har ei langsiktig målsetjing at tapsnedskriving i prosent av brutto utlån på eigen balanse ikkje skal vere over 0,5 %.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko oppstår som følgje av opne posisjonar i valuta-, rente- og eigenkapitalinstrument. Risikoen er knytt til tap som følgje av svingingar i marknadsprisar og kursar. Styret har utarbeida Strategi for Marknadsrisiko som fastset styringsmål og risikotoleranse for banken sin marknadsrisiko.

Renterisiko

Renterisiko er definert som storleiken av tapspotensialet ved eit 2 % skift i rentekurva. (jf. Finanstilsynet sin modul for marknadsrisiko). Renterisiko oppstår ved at det er ulik rentebindingstid på banken sine renteberande balansepostar. For å redusere renterisikoen har Luster Sparebank inngått rentesikringsavtale. Etter å ha teke omsyn til rentesikringsavtalen har Luster Sparebank pr. 31.12.2021 ein renterisiko på kr. 1,24 mill. Renterisikoen pr. 31.12.2020 var på kr 1,73 mill.

Banken har ved utgangen av 2021 lånt ut kr 133 mill. i fastrentelån mot kr 155 mill. i 2020.
Gjennomsnittleg bindingstid for fastrentelån er på 1,67 år. På innlånssida har banken kr 44 millionar i innskot med rentebinding frå kundar og kr 540 millionar i innlån og utferda obligasjonslån med kvartalsvise renteendringar.

Styret vurderer at banken er netto lite eksponert for renterisiko. Det er sett ramme for renterisikoen.

Aksjerisiko

Banken har òg risiko knytt til aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis. Papira har god spreiing og volumet er delt på fleire sektorar. Dei største sektorane er bankar, andre finansinstitusjonar og kraft. Styret får månadlege rapportar om behaldning og avkastning på verdipapira saman med spesifisert oppgåve over kjøp og sal.

Valutarisiko

Banken har for tida ikkje valutarisiko.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri forpliktingar og/eller evne til å finansiere auke i eigendelar, utan at det oppstår vesentleg auke i kostnadar i form at prisfall på eigendelar som må realiserast, eller i form av auka finansieringskostnadar.

Banken si utlånsporteføljе har lang løpetid, medan størstedelen av banken sine innskot ikkje har oppseiingstid. Dette gjev likviditetsrisiko. Då innskota er fordelt på mange uavhengige innskytarar, er risikoen mindre for at ein stor del av innskota skal bli tatt ut samtidig. Banken reknar difor innskota som ein del av den langsiktige fundingen.

Luster Sparebank har etablert lånerammer i norske finansinstitusjonar, samt fleire konkrete rammer på likviditetsområdet. Banken har unytta trekkrettar i andre finansinstitusjonar på kr. 60 mill. Banken har ein tilfredsstillande forfallsstruktur på lån utstedt i finansmarknaden. Banken har pr. 31.12.2021 ein LCR på 180. Som ein del av banken sin likviditetsstrategi skal innskot utgjere minimum 80 % av brutto utlån.
Per 31.12.2021 var innskotsdekninga 88 % (88 % i 2020). Inkluderer ein utlån i Verd Boligkreditt blir innskotsdekninga 73 % (70 % i 2020).

Det blir lagt til grunn i banken sin likviditetsstrategi at det til ei kvar tid skal vera klargjort lån tilsvarande minst kr 100 mill. som kan overførast til Verd Boligkreditt.

Det er utarbeida «Strategi for Likviditetsrisiko» med beredskapsplan, samt kvartalsvis risikorapport på området.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko kan definerast som risikoen for tap som skuldast utilstrekkeleg eller sviktande interne prosessar, svikt hjå menneske og i system eller eksterne hendingar.

Styret har utarbeida styringsdokumentet: «Strategi for operasjonell risiko». Ein vesentleg del av den operasjonelle risikoen i banken er knytt til bruk av IKT. Banken nyttar TietoEVRY som IT-leverandør. Gjennom samarbeidet i DSS-bankane blir det kontinuerleg jobba med utvikling av kontinuitetsløysingar og katastrofeberedskap, som er viktige for å sikre stabilitet og tilgjengelegheit.

Det vert samstundes jobba internt med å sikre tilstrekkeleg kompetanse for å redusere den operasjonelle risikoen. Banken sine sikkerheitssystem er omfattande og vert vedlikehaldne og testa periodisk. Styret vurderer den operasjonelle risikoen som tilfredsstillande.

Anna

Det er teikna forsikring for medlemmer av styret og leiing for deira moglege ansvar ovanfor banken og tredjepersonar. Forsikringsdekning er på kr 1,5 mill.

Personale – arbeidsmiljø

Ved utgangen av 2021 hadde me 25 fast tilsette medarbeidarar, av desse var 8 deltidstilsette. 60 % av banken sine tilsette er kvinner. Gjennomsnittsalderen for banken sine tilsette er 53 år og gjennomsnittleg tilsetjingstid er 20 år. Banken har frå 2018 hatt ein lærling i 100 % stilling. 3 tilsette har slutta inklusiv lærlingen, 2 nye er tilsett.

Dei tilsette, medrekna ferievikar og lærling, utførte 20,42 (22,13 i 2020) årsverk dette året.

Me er ei næring der det er stor konkurranse og marginane er små. Dette gjer at endringar er ein del av kvardagen for dei tilsette. Me jobbar vidare med at den enkelte kunderådgjevar skal ha kunnskap om alle produkt banken tilbyr, og at kunden skal kunna halde seg til ein fast kunderådgjevar.

Banken ser det som viktig at dei tilsette held seg i god fysisk form og har gjeve støtte til tilsette som nyttar treningssenter. Me har også i 2021 hatt sjølvregistrering av trim under mottoet «Ut på tur der du bur». Banken er og med på opplegget «prosjekt sjukefråvær» ved Luster Treningssenter. Fleire av dei tilsette har i løpet av året nytta seg av tilbodet og tilbakemeldingane er svært gode. Korttidssjukefråværet var på 0,63% i 2021. (0,44 % i 2020). Samla sjukefråvær har vore 7,78 % (3,72 % i 2020). Grunnen til høgare sjukefråver i 2021 er at fleire tilsette har vore langtidssjukemeld.

Luster Sparebank følgjer Hovudavtalen og Sentralavtalen som er utarbeida mellom Finans Norge (arbeidsgjevarorg.) og Finansforbundet (arbeidstakarorg.). I tillegg har me personalhandbok og eigen Bedriftsavtale som er utarbeidd mellom leiing og tillitsvalde.

Banken er ei IA-verksemd (IA = inkluderande arbeidsliv). Luster Sparebank har utarbeidd eigne mål og rutinar i samsvar med IA-avtalen. Banken er medlem av Bedriftshelse 1. Tillitsvalde, verneombod og leiinga i banken prioriterer korleis banken skal nytte ressursane som er tilgjengelege i bedriftshelsetenesta. Administrasjonen har eit godt samarbeid med dei tillitsvalde i Luster Sparebank. Den tradisjonelle familieturen gjekk ut i år grunna korona.

Det vart i 2015 teikna helseforsikring for dei tilsette. Alle tilsette i Luster Sparebank er frå 01.01.2015 tilknytte innskotspensjon med maksimumssatsar.

Kompetanseutvikling

Luster Sparebank sin viktigaste ressurs er medarbeidarane sin kompetanse og evne til å avdekke og dekke behovet til kundane våre.

Luster Sparebank har eigen utdanningsavtale og legg tilhøva til rette for tilleggsutdanning. Ved å ha god og oppdatert bankfagleg kompetanse kan me yte kundane våre best mogleg rådgjeving og service. Administrasjonen og tillitsvalde er i tillegg einige om ein eigen kompetanseavtale gjeldande frå 01.01.2016.

Luster Sparebank er oppteken av at tilsette og tillitsvalde i banken har stillingar og verv etter kompetanse. Ut frå eit likestillingsperspektiv har banken prøvd på best mogeleg måte å legge tilhøva til rette både for kvinner og menn.

Funksjon	Kvinner	Menn
Generalforsamling	50 %	50 %
Styret	40 %	60 %
Tilsette	60 %	40 %

Styret sitt arbeid

Banken sitt styre har 5 medlemmer. Banksjef deltek på styremøta, men er ikkje medlem av styret. Styret har i 2021 hatt 10 styremøte. Styremøta skjer etter fast årsplan. Styret evaluerer årleg si samansetjing og arbeidsform og følgjer kontinuerleg opp vedtekne planar og budsjett. Styret er revisjon-/og risikoutval. I 2021 har styret lagt særleg vekt på antikvitvask, profilering, store kredittsaker, rekneskap, internkontroll, risikostyring (inkl. ICAAP), oppfølging av likviditet-, marknads-, kreditt- og operasjonell risiko, samt tilsetjing av ny banksjef.

Utsiktene framover

Visjonen vår er «Saman når me måla dine!». Dei viktigaste verdiane våre er personleg, ansvarleg og kompetent. Ut frå verdien ansvarleg har banken definert ein ny strategi for berekraft. Med banken sin berekraftstrategi ynskjer banken å etablere produkt som skal bidra til at banken sine kundar kan ta berekraftige val og realisere berekraftige investeringar. Arbeidet med berekraft er og viktig for å ha kontroll på risiko som ligg i miljøendringar.

Arbeidet med å kjempe mot kvitvasking og anna økonomisk kriminalitet er viktigare enn nokon gong. Dette er noko me arbeidar med kontinuerleg. Prinsippet om å kjenne sin kunde står først, anten kunden nyttar digitale tenester, eller kjem innom banken. Sjølv om rådgjevinga skjer meir digitalt skal god personleg rådgjeving og oppfølging vere banken sitt største konkurransefortrinn. Me er tilgjengelege for kundane våre og alle skal oppleve banken som ein god støttespelar.

Lokalsamfunnet er berebjelken i alt me gjer og me vil framleis vere ein pådrivar for nærområdet gjennom sponsoravtalar og gåver, samstundes som me vil ha eit godt samarbeid med det offentlege. Me ynskjer og å bidra til at næringslivet får dei beste forutsetningane for å lukkast.

Det økonomiske resultatet syner at banken lever godt som sjølvstendig bank i samarbeid med bankar i DSS og med produktselskap. Vidare vekst og lønnsemd er viktig for å kunne yte lån til fleire kundar og bidra til vekst i lokalsamfunnet. Gjennom dei produktselskapa me er deleigar i, får me fleire bein å stå på. Me har inntekter frå forsikring, leasing, fond- og aksjehandel.

Luster Sparebank skal jobbe vidare for at både eksisterande og nye kundar skal nå måla sine, realisere draumar og ha kontroll på eigen økonomi.

Takk til kundar, tillitsvalde og tilsette

Med dette takkar me kundane og bygdefolket for svært god oppslutnad om Luster Sparebank. Me rettar og ei varm takk til alle tillitsvalde for innsatsen, og ikkje minst dei tilsette for stor innsats og godt samarbeid i året som har gått. Luster Sparebank er ein solid bank, og med kompetente og serviceinnstilte medarbeidarar er me godt rusta til å møta framtidige utfordringar og kundane våre sine behov.

Luster Sparebank ser fram til stort engasjement og godt samarbeid i 2022 til beste for kundane og interessegruppene elles.

Gaupne, 18. mars 2022

STYRET FOR LUSTER SPAREBANK

Svein Ove Slinde leiar	Ove Nyland nestleiar	Siri Johanne Solberg Dalehaug
Anette Stegegjerdet Norberg	Inge Teigen	Oddstein Haugen banksjef

Resultatrekneskap

(NOK 1 000)	Notar	31.12.2021	31.12.2020
Renteinntekter og liknande inntekter	17	83.530	101.438
Rentekostnader og liknande kostnader	17	20.006	32.393
Netto renteinntekter	**17**	**63.524**	**69.045**
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	19	17.707	15.278
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	19	2.276	2.028
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	26,27	7.914	6.608
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	19, 26,27	7.581	10.104
Andre driftsinntekter	19	7	87
Løn og andre personalkostnader		19.639	19.972
Andre driftskostnader	22	20.281	19.418
Av-/nedskrivningar, verdiendringar og vinst/tap på ikkje-finansielle eigendeler	28	958	1.107
Kredittap på utlån, garantier mv. og renteberande verdipapir	8, 9	3.475	18.993
Resultat før skatt frå videreført verksemd		**50.104**	**39.604**
Skatt på resultat frå videreført verksemd	24	9.257	9.426
Resultat etter skatt frå videreført verksemd		**40.847**	**30.178**
Resultat før andre inntekter og kostnader		**40.847**	**30.178**
Andre inntekter og kostnader			
Andre inntekter og kostnader som ikke blir omklassifisert til resultatet			
Estimatendringar knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger	36	-855	-608
Skatt på andre inntekter og kostnader som ikke kan bli omklassifisert til resultatet	24	214	152
Andre inntekter og kostnader som kan bli omklassifisert til resultatet			
Øvrige andre inntekter og kostnader	9	-233	221
Skatt på andre inntekter og kostnader som kan bli omklassifisert til resultatet	24	58	-55
Sum andre inntekter og kostnader		**-816**	**-290**
Totalresultat for rekneskapsåret		**40.031**	**29.888**

Balanse

(NOK 1.000)	Notar	31.12.2021	31.12.2020
EIGENDELER			
Kontantar og kontantekvivalentar	**12,16,25,26**	**70.966**	**71.454**
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjoner og finansieringsforetak			
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak til verkeleg verdi		0	0
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak til amort. kost		214.172	165.529
Sum utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	**12,16,25,26**	**214.172**	**165.529**
Utlån til og fordringar på kundar			
Utlån og fordringar på kundar til verkeleg verdi		2.549.505	2.308.191
Utlån og fordringar på kundar til amortisert kost		934.058	870.664
Sum utlån til og fordringar på kundar	**3,6,7,8,9,10,11 12,16,25,26**	**3.483.563**	**3.178.855**
Renteberende verdipapir			
Renteberande verdipapir til amortisert kost	**12,16,25,26,27**	0	0
Sum renteberende verdipapir		**0**	**0**
Aksjar, andeler og andre eigenkapitalinstrument	**12,16,25,26,27**	**461.000**	**439.930**
Immaterielle eigendeler	**28**	**21**	**133**
Varige driftsmidler			
Eigendom nytta av eigar		5.805	6.054
Andre varige driftsmidler		1.937	1.519
Sum varige driftsmidler	**28**	**7.742**	**7.573**
Andre eigendeler			
Eigendeler ved utsatt skatt	**24**	5.368	4.937
Andre eigendeler	**30,36**	28.922	26.862
Sum andre eigendeler		**34.290**	**31.799**
SUM EIGENDELER		**4.271.754**	**3.895.273**

19

Balanse

	Noter	31.12.2021	31.12.2020
GJELD OG EIGENKAPITAL			
GJELD			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	**12,16,25,26,31**	**195.405**	**65.061**
Innskot og andre innlån fra kundar	**12,16,26,32**	**3.082.429**	**2.821.436**
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	**12,16,25,26,33**	**345.444**	**400.735**
Finansielle derivat	**25,35**	**306**	**0**
Anna gjeld	**34**	**4.649**	**4.827**
Avsetningar			
Pensjonsforpliktingar	**36**	23.377	21.417
Forpliktingar ved skatt			
Forpliktingar ved periodeskatt	**24**	9.469	7.368
Forpliktingar ved utsatt skatt	**24**	0	0
Avsetningar på garantier og unytta rammekredittar	**6,7,8,9**	847	450
Andre avsetningar		7.816	7.827
Avsetningar		**41.509**	**37.062**
SUM GJELD		**3.669.742**	**3.329.121**
EGENKAPITAL			
Opptent egenkapital			
Fond for urealiserte gevinstar		40.269	40.269
Sparebankens fond		538.734	502.202
Gåvefond		23.009	23.681
Sum opptent egenkapital		**602.012**	**566.152**
SUM EGENKAPITAL		**602.012**	**566.152**
SUM GJELD OG EGENKAPITAL		**4.271.754**	**3.895.273**

Gaupne 31.12.21 / 18.03.2022

Svein Ove Slinde
Leiar

Ove Nyland
Nestleiar

Siri Johanne Solberg Dalehaug

Inge Teigen
Tilsettrepresentant

Anette Stegegjerdet Norberg

Oddstein Haugen
Banksjef

ENDRING I EIGENKAPITAL

(NOK 1 000)	Fond for urealiserte gevinster	Sparebankens fond	Gavefond	Eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.2019	**0**	**441.308**	**18.700**	**460.008**
Årsresultat	0	30.540	3.000	**33.540**
Overført til gavefond klassifisert som gjeld			-3.000	**-3.000**
Eigenkapital pr. 31.12.2019	**0**	**471.848**	**18.700**	**490.548**
Ny måling av finansielle eigendeler	38.828			**38.828**
Reklassifisering gåvefond			4.293	**4.293**
Reduksjon i tapsnedskrivning etter IFRS 9	1.462			**1.462**
Skatteeffekt på verdiendringar	-21			**-21**
Eigenkapital pr. 01.01.2020	**40.269**	**471.848**	**22.993**	**535.110**
Resultat før andre inntekter og kostnader		27.178	3.000	**30.178**
Poster ført over andre inntekter og kostnader		-290		**-290**
Totalresultat 31.12.2020		**26.888**	**3.000**	**29.888**
Utbetalt frå gåvefond			-2.314	**-2.314**
Transaksjonar ved fusjon (fusjon er redegjort for i note 37)		3.468		**3.468**
Eigenkapital pr. 01.01.2021	**40.269**	**502.202**	**23.679**	**566.152**
Resultat før andre inntekter og kostnader		37.347	3.500	**40.847**
Poster ført over andre inntekter og kostnader		-816		**-816**
Totalresultat 31.12.2021		**36.531**	**3.500**	**40.031**
Gåver utdelt av styret i 2021			-4.172	**-4.172**
Eigenkapital pr. 31.12.2021	**40.269**	**538.731**	**23.007**	**602.012**

KONTANTSTRAUMANALYSE

	2021	2020
Renteinntekter	83.365	102.370
Renteutgifter	-20.202	-33.905
Andre innbetalingar	33.059	21.842
Driftsutbetalingar	-41.552	-32.925
Betalte skattar i perioden	-8.237	-11.195
Betalte gåver	-1.822	-2.262
Endring utlån til kundar	-308.144	-92.127
Endring innskot frå kundar	261.241	141.246
Endring innskot frå kredittinstitusjonar utan løpetid	0	
Netto likviditetsendring frå operasjonell aktivitet	**-2.292**	**93.044**
Kontantstraum frå investeringsaktivitet		
Utbetaling vedk. kjøp av immaterielle eigendelar	0	
Utbetaling vedk kjøp av varige driftsmidlar	-1.015	-285
Innbetaling ved sal av varige driftsmidlar	0	
Netto utbetaling ved kjøp av anleggssaksjar og andelar verdipapir	-23.538	-23.870
Innbetaling ved sal av aksjar		
Likviditetsendring vedk. investeringar	**-24.553**	**-24.155**
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		
Endring i lån frå kredittinstitusjonar	130.000	-55.000
Endring av utlån til kredittinstitusjonar med løpetid	-36.688	-3.073
Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld	210.000	50.000
Utbetaling ved innfriing av verdipapirgjeld	-265.000	-80.000
Likviditetsendring vedk. finansiering	**38.312**	**-88.073**
Sum endring likviditet i året	11.467	-19.184
Likviditetsbeholdning 1.1	158.686	177.870
Likviditetsbeholdning pr 31.12.	**170.153**	**158.686**
Unytta trekkrettar	**70.000**	**60.000**

Note 1 Generell informasjon

Luster Sparebank er en sjølvstendig sparebank lokalisert i Luster og med hovudkontor i Gaupne. Banken tilbyr banktenester for person- og bedriftsmarkedet i Norge.

Årsrekneskapet for 2021 vart godkjent av styret 18. mars 2022.

Note 2 Informasjon om dei viktigaste rekneskapsprinsippa

Denne noten gir ei oversikt over dei viktigaste rekneskapsprinsippa nytta ved utarbeiding av rekneskapen. Desse prinsippa blir nytta konsekvent i alle periodar dersom ikkje anna framgår.

2.1 Grunnlag for utarbeiding av årsrekneskapen

Frå 2021 har banken utarbeida årsrekneskap i samsvar med § 1-4, 2. ledd b) i Forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittforetak og finansieringsforetak ("Forskriften") gjeldande frå 1.1.2020. For å sette opp rekneskap i samsvar med forskrift må ein nytte estimat. Område der estimat er vesentleg for rekneskapet er drøfta i note 3.
Inngåtte leigeavtalar er vurdert som uvesentlege. IFRS 16 er difor ikkje er aktuell for Luster Sparebank. For nærmare opplysningar blir det vist til note 29 Leigeavtalar.

Banken har også valgt, i samsvar med forskrifta § 7-2, å fråvike følgande notebestemmelser under IFRS:

1) IFRS 13. Det blir i staden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskrifta § 7-3
2) IFRS 15.113-128
3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147

Banken rekneskapsfører utbytte i samsvar med rekneskapsloven sine bestemmelsar.

2.2 Nye og endra standarder som er teke i bruk av banken i 2021

Ingen nye eller endra standarder er blitt teke i bruk av banken i 2021.

2.3 Vedtekne standardar og fortolkingar som trer i kraft i framtida

Vedtekne standardar og fortolkingar som trer i kraft i framtida er vurdert ikkje å ha vesentleg betyding for banken og blir difor ikkje nærmare omtalt.

2.4 Omrekning av transaksjonar i utenlandsk valuta

Rekneskapen blir presentert i norske kroner (NOK) som er banken sin funksjonelle valuta.
Pengepostar i utanlandsk valuta blir omrekna til kurs på balansedagen. Verdiendringar som følgje av kursendringar mellom transaksjonsdag og balansedag blir resultatført.

2.5 Inntektsføring

Renteinntekter blir inntektsført ved bruk av effektiv rentes metode. Den effektive renta blir fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og eventuell restverdi ved slutten av forventa løpetid. Inntektsføring av renter etter effektiv rentes metode blir nytta for balansepostar som blir vurdert til amortisert kost og til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader. For renteberande balanseposter som blir vurdert til verkeleg verdi over resultatet, blir den nominelle renta inntektsført løpande, mens verdiendringar blir regnskapsført som "Netto verdiendringar og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument". Renteinntekter på engasjement i trinn 3 i tapsmodellen blir berekna som effektiv rente av nedskriven verdi. Banken inntektsfører renter basert på brutto bokførte verdiar på engasjement som inngår i trinn 1 og 2. Inntekter frå gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester blir resultatført i den perioden tenesta blir ytt. Utbytte frå aksjeinvesteringar blir resultatført på det tidspunkt utbytte er vedteke på generalforsamlinga.

Sal av lån til Verd Boligkreditt

Verd Boligkreditt AS har inngått forvaltningsavtalar med alle sine eigarbankar om sal av utlån og forvaltninga av desse. Etter avtalen forvaltar bankane selde utlån og opprettheld kundekontakten etter sal. For dette arbeidet mottek bankane vederlag i form av kvartalsvis provisjonsbetalingar. Det ligg føre ein begrensa fortsatt involvering (continuing involvement under IFRS) gjennom en moglegheit for å avrekne tap mot provisjonane. For meir informasjon blir det synt til note 36 Garantiar. Kjøpa blir handsama som kjøp for Verd, og sal frå bankane si side. Utlånene er derfor frårekna frå bankane sine balansar og innrekna i balansen til Verd Boligkreditt.

2.6 Finansielle instrument

Innrekning og frårekning av finansielle instrument

Finansielle eigendeler og forpliktingar blir balanseført på tidspunktet banken blir part i instrumentet sine kontraktsmessige avtalevilkår. Vanlege kjøp og sal av investeringar blir rekneskapsført på avtaletidspunktet. Finansielle eigendeler blir fjerna frå balansen når rett til å ta i mot kontantstraumar frå investeringa fell vekk eller når disse rettane er blitt overført og banken i hovudsak har overført risiko og hele gevinstpotensialet ved eigarskapet. Finansielle forpliktingar blir frårekna på tidspunktet rettane til dei kontraktsmessige avtalevilkåra er oppfylt, kansellert eller utløpt.

Klassifisering av finansielle instrument

Finansielle instrument blir ved innrekning første gang klassifisert i ein av følgande målekategoriar:

Finansielle eigendeler:

* Finansielle eigendelar målt til amortisert kost
* Finansielle eigendelar målt til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet (FVPL)
* Finansielle eigendelar målt til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader (FVOCI)

Finansielle forpliktingar:

* Finansielle forpliktingar målt til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet
* Andre finansielle forpliktingar målt til amortisert kost

For finansielle eigendelar blir skilt mellom:

* Gjeldsinstrument (Lån, obligasjonar og liknande)

* Derivat
* Eigenkapitalinstrument (Aksjar og liknande).

Finansielle eigendeler blir klassifisert ut frå ei vurdering av banken sin forretningsmodell for styring av eigendelane og instrumentet sine kontraktsmessige kontantstraumkarakteristikkar.
Finansielle eigendeler med kontraktsfesta kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar og som blir holdt i en forretningsmodell med formål å ta i mot kontraktsmessige kontantstraumar, blir målt til amortisert kost. Finansielle eigendeler med kontraktsfesta kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar og som blir holdt i ein forretningsmodell med formål både å ta i mot kontraktsmessige kontantstraumar og å selje, blir målt til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader. Renteinntekt, valutaomrekningseffektar og eventuelle nedskrivingar blir presentert i det ordinære resultatet. Verdiendringar ført over andre inntekter og kostnader blir reklassifisert til resultatet ved sal eller anna avhending av eigendelane.

Tapsnedskrivingar

Etter IFRS 9 blir tapsavsetjingene innrekna basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for tapsavsetjingar av finansielle eigendelar i IFRS 9 gjeld for finansielle eigendelar som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader (FVOCI), og som ikkje hadde inntrufne tap ved første gangs innrekning. I tillegg er lånetilsegn og finansielle garantikontrakter som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet omfatta.

Målinga av avsetninga for forventa tap i den generelle modellen er avhengig av om kredittrisikoen har auka vesentleg sidan førstegangsinnrekning. Ved førstegangsinnrekning og når kredittrisikoen ikkje har auka vesentleg etter førstegangsinnrekning, skal det avsettast for 12 månaders forventa tap. 12 månaders forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffe over levetida til instrumentet, men som kan knytas til misleghald som inntreff dei neste 12 månadene.

Hvis kredittrisikoen har auka vesentleg etter førstegangsinnrekning, skal det avsettast for forventa tap over hele levetida. Forventa kredittap er berekna basert på noverdien av alle kontantstaumar over gjenværende forventa levetid, dvs. forskjellen mellom dei kontraktsmessige kontantstraumar i henhold til kontrakten og den kontantstraumen som banken forventar å motta, diskontert med effektiv rente på engasjementet.
Uavhengig av dette kan ein gå ut frå at kredittrisiko ikkje har auka vesentleg sidan første gongs innrekning dersom ein vurderer det slik at det finansielle instrumentet har låg kredittrisiko på rapporteringstidspunktet. Banken har difor nytta unntaket om låg kredittrisiko for balansepostane «Kontantar og kontantekvivalentar» og «Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak»

Kontantar og kontantekvivalentar

Balanseposten «Kontantar og kontantekvivalentar» er samansett av kontantar og innskot i Norges Bank. Norges Bank har rating Aaa av Moodys og AAA/A-1+ av S&P. Kredittrisikoen er dermed låg. Banken vurderer det difor slik at det ikkje nødvendig med tapsnedskriving knytt til denne balanseposten.

Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak

Balanseposten «Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak» er fordringar mot norske finansinstitusjonar med god rating. Balanseposten er dermed vurdert til å oppfylle standarden sin presumpsjon om låg kredittrisiko. Banken vurderer det slik at dette vil gi uvesentlege tapsnedskrivingar og det er difor ikkje gjort tapsnedskrivingar knytt til denne posten.

Utlån til og fordringar på kundar

Etter reglane i IFRS 9 har banken nytta tapsgradmetoden for å estimere forventa kreditt-tap. Ved bruk av tapsgradmetoden blir utlånsporteføljen delt inn i segment med felles kredittrisikoeigenskapar og forventa tap blir estimert med utgangspunkt i historiske tapstal for dei ulike segmenta.

Banken har delt utlånsporteføljen i følgjande seks segment:
PM - Personmarknad
BM - Bedriftsmarknad andre
BM - Eigedom (kjøp/sal og utleige av eigedom og eigedomsformidling)
BM - Turistnæring (Hotell, servering og anna turistnæring)
BM - Jordbruk
Offentleg - Offentleg og finansiell sektorar

Ved utrekning av tapsgrad for dei ulike segmenta har banken teke utgangspunkt i gjennomsnittleg konstaterte tap dei siste 10 åra.

Tapsgrad er på PM-Personmarknad lagt inn med 0,033 %.
Dette framkjem ved å ta gjennomsnittleg tap på 0,03 % og så legge til 10 % i 2021 på grunn av Covid19.

Tapsgrad er på BM bedriftsmarknad andre lagt inn med 1,00 %.
Dette framkjem ved å ta gjennomsnittleg tap på 0,91 % og så legge til 10 % i 2021 på grunn av Covid19.

Tapsgrad er på BM-Eigedom lagt inn med 0,48 %.
Dette framkjem ved å ta gjennomsnittleg tap på 0,44 % og så legge til 10 % i 2021 på grunn av Covid19.

Tapsgrad på BM-Turistnæring lagt inn med 0,45 %.
Dette framkjem ved å ta gjennomsnittleg tap på 0,39 % og så legge til 15 % i 2021 på grunn av Covid19 og at denne næringa er spesielt utsett.

Tapsgrad på BM jordbruk er lagt inn med 0,1%. Dette framkjem ved å ta gjennomsnittleg tap på 0 % og så legge til 0,1%. på grunn av Covid19.
Tapsgrad er på offentleg/finans lagt inn med 0 % då banken ikkje har hatt tap i dette segmentet.

Kva tapsgrader som skal bli nytta over tidshorisonten i tapsmodellen blir avgjort av banken si leiing ut frå korleis den framtidige makroøkonomiske utvikling på balansedagen blir vurdert. Banken nyttar SSBs prognoser for arbeidsløyse, utlånsrente på rammekredittar, BNP for Fastlands-Norge og endring i bustadprisar som utgangspunkt for leiinga si vurdering av korleis den makroøkonomiske utvikling påverkar modellen
Banken har komme fram til forventa levetid for segmenta basert på gjennomsnittlege nedbetalingar i utlånsporteføljen i perioden 2014-2018. Nedbetalingar i denne samanheng vil sei avdragsbetalingar, innfriing og refinansiering.

I samsvar med IFRS 9 grupperer banken sin utlån i tre trinn:
Trinn 1:
Dette er startpunktet for alle finansielle eigendelar omfatta av den generelle tapsmodellen. For alle eigendelar som ikkje har vesentlig høgare kredittrisiko enn ved førstegangsregistrering blir det berekna ei tapsavsetjing lik 12 månaders forventa tap. I denne kategorien ligg alle eigendelar som ikkje er overført til trinn 2 eller 3. Banken inntektsfører renter basert på brutto bokførte verdiar på låna som inngår i trinnet.
Trinn 2:
Dette trinnet omfattar lån og fordringar som har hatt ei vesentleg auke i kredittrisiko sidan førstegangsinnrekning, men der det ikkje er objektive bevis på tap. For disse eigendelane blir det nedskrive for forventa tap over forventa levetid. Banken har definert at vesentleg auke i kredittrisiko ved utlån til kundar er tilfelle dersom betaling er forsinka med 30 dagar eller meir, og/eller der svekka betjeningsevne blir avdekka i banken sine risikomodellar gjennom auke på to risikoklasser. Lån med betalingsutsetjing medfører klassifisering i minimum trinn 2. Renteinntekter knytt til utlån i trinn 1 og trinn 2 blir rekna etter effektivrentemetoden basert på den brutto balanseførte verdien av utlån.

Trinn 3:
Dette trinnet omfattar utlån og fordringar som har hatt en vesentleg auke i kredittrisiko sidan innvilging, og der det er objektive bevis på tap på balansedatoen. For disse eigendelane blir det nedskrive for forventa tap over heile den forventa levetida. Banken har definert vesentleg auke i kredittrisiko sidan innvilging, og der det er objektive bevis på tap på balansedatoen, til å inntreffe ved overtrekk og restansar eldre enn 90 dagar. Disse lånene er presentert netto i balansen og renteinntekter på utlån i trinn 3 blir rekna basert på netto balanseført verdi.

Lån som er i trinn 2 eller 3 kan ikkje reklassifiserast til eit lågare trinn før etter minimum 3 månader etter at lånet er friskmeldt.

Misleghald

Ved vurdering av kva som utgjer misleghald la banken i 2020 til grunn standarden sin presumpsjon på at det foreligg eit mislighald dersom dei kontraktuelle kontantstrømmene er meir enn 90 dagar etter forfall og/eller for kunder der det er objektive indikasjoner på verdifall som følgje av hendingar etter førstegangsinnregning av eigendelen.

Det kan vere slik at det ikkje er mogleg å identifisere ei enkelt, separat hending som årsak til verdifallet. Istaden kan den samla verknadn av flere hendingar ha vore årsak til verdifallet. Objektive indikasjoner på at ein finansiell eigendel eller ei gruppe av eigendeler har falt i verdi inkluderer observerbare opplysningar som banken blir oppmerksom på vedrørende følgjande tapshendingar

* vesentlege finansielle vanskar hos utstedar eller debitor,
* kontraktsbrudd, til dømes misleghald eller manglende betaling av forfalte renter eller forfalt hovudstol,
*når banken, av økonomiske eller juridiske grunner knytta til låntaker sine finansielle vanskar, gir låntakar ein innrømmelse som långiver ellers ikkje ville ha vurdert,
*når det blir sannsynleg at låntakar vil gå konkurs eller vil bli utsett for ein anna form for finansiell omorganisering

Definisjon av misleghald vart endra med verknad fra 1. januar 2021. I ny definisjon er betalingsmislighald basert på eit minstebeløp på henholdsvis kr 1.000 for personkundar (massemarknad) og kr 2.000 for foretak. Det er og innført ei relativ grense på 1 prosent av kunden sitt engasjement, og begge vilkår må være oppfylt for at betalingsmislighald skal vere tilfelle. I tillegg til direkte betalingsmislighald, vil det også kunne foreligge mislighald dersom andre objektive årsakar eller kvalitative vurderinger og tapsmerkinger ligg føre.
Nye karantenereglar inneber ein karanteneperiode på 3 månader fra eit engasjement ikkje lenger er misleghalde til engasjementet kan bli friskmeldt. Alle engasjementer i trinn 3 er definert som mislighaldne.
I samsvar med IFRS 9 blir renteinntekter for finansielle eiendeler i trinn 1 og trinn 2 berekna ved hjelp av effektivrentemetoden på den brutto balanseførte verdien til eigendelen. mens renteinntekter for finansielle eigendeler i trinn 3 blir berekna berekna med utganspunkt i egendelen verdsett til amortiserte kost.

Konstatering av tap

Konstatering av tap (fråreknin av balanseført verdi) blir gjennomført når banken ikkje har rimelege forventningar om å gjenvinne heile eller deler av eit engasjement. Kriterier for dette er mellom anna:

Avslutta konkurs i selskap med begrensa ansvar
Stadfesta akkord/gjeldsforhandlingar
Avvikling for øvrige selskap med begrensa ansvar
Avslutta bu ved dødsfall
Ved rettskraftig dom
Pantsette eigedelar er realisert

Overtekne eigendeler

Overtekne eigendeler og eventuelle forpliktingar blir innrekna i balansen til verkeleg verdi. Differansen mellom verkeleg verdi av netto overtekne eigendeler og balanseført verdi av utlånet blir resultatført som tap på utlån. Med mindre overtekne eigendeler kvalifiserer for rekneskapsføring under IFRS 5 Anleggsmidler holdt for salg og avvikla virksomhet, blir eigendelene klassifisert etter sin art i banken sitt rekneskap. For overtekne selskap blir det gjort ei vurdering i forhold til konsolidering.

Modifikasjon

Når dei kontraktsregulerte kontantstraumar frå ein finansiell eigendel blir reforhandla eller på annan måte endra, og reforhandlinga eller endringa ikkje fører til frårekning av den finansielle eigendelen, blir den finansielle eigendelen sin brutto balanseførte verdi vurdert på nytt og det blir innrekna ein endringsgevinst eller eit endringstap i resultatet. Den finansielle eigendelen sin brutto endra balanseførte verdi vert sett til noverdien av dei reforhandla eller endra kontraktsregulerte kontantstraumane, diskontert med den finansielle eigendelens opphavelege effektive rente. Eventuelle påkomne kostnader eller honorar justerer den endra finansielle eigendelen sin balanseførte verdi og blir nedskreve over den endra finansielle eigendelen sin resterande levetid.

Finansielle eigendeler og forpliktingar som blir målt til verkeleg verdi over resultatet

Finansielle eigendeler og forpliktingar som blir målt til verkeleg verdi over resultatet blir regnskapsført ved anskaffelse til verkeleg verdi og transaksjonskostnader blir resultatført. Postane blir i etterfølgjande periodar til målt til verkeleg verdi.
Verkeleg verdi er det beløp en eigendel kan bli bytta i, eller ei forplikting kan bli gjort opp i mellom uavhengige parter. Ved berekninga er føresetnaden om videre drift lagt til grunn og nedskriving for kredittrisiko i instrumentet blir inkludert ved verdsetjinga.
For finansielle instrument der motsvarande marknadsrisiko kan påvisast med stor nok sannsynlighet, blir midtkursar på balansedagen nytta. Andre finansielle eigendeler og forpliktingar blir verdsett til henholdsvis kjøps- og salskursar. For finansielle instrument der det er eksterne observerbare prisar, kursar eller volatilitetar og disse prisene representerer faktiske og hyppige marknadstransaksjonar, blir den noterte prisen innhenta frå enten børs eller meklar nytta. I den grad det ikkje er notert prisar for instrumentet, vert instrumentet dekomponert, og blir verdsett på bakgrunn av prisar på dei enkelte komponentane. Dette omfattar sertifikat og obligasjonar.
Renteberande verdipapir er del av ei portefølje der verdipapir blir seld og kjøpt løpande, og porteføljа blir regnskapsført til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet. Realiserte og urealiserte gevinstar og tap inngår i «Netto verdiendring og gevinst/tap på renteberande verdipapir» mens renteinntekter inngår i linja «Renteinntekter beregnet etter effektivrentemetoden av renteberande verdipapir».
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument blir målt til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet under IFRS 9. Realiserte og urealiserte gevinstar og tap inngår i netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og andre eigenkapitalinstrument mens motteke utbytte inngår i utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument.

Finansielle eigendeler og forpliktingar som blir målt til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader

Finansielle eigendeler og forpliktingar som blir ført til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader blir ved anskaffelse rekneskapsført til verkeleg verdi og transaksjonskostnader blir resultatført. Finansielle eigendeler og forpliktingar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader blir i etterfølgjande periodar målt til verkeleg verdi. Utlån til kundar med pant i bustad har kontraktsfesta kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar. Desse blir haldne i en forretningsmodell med formål både å motta kontraktsmessige kontantstraumar og sal, då banken sel bustadlån med flytande rente til Verd Boligkreditt AS. Verd Boligkreditt AS kan selje utlån tilbake til banken. Disse utlåna blir rekneskapsført til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader. Endringar i verkeleg verdi blir ført over andre inntekter og kostnader. Renteinntektene utrekna etter effektivrentemetode blir ført over «Renteinntekter og liknande inntekter» mens nedskrivninger blir presentert som «Kredittap på utlån, garantier mv. og renteberande verdipapir". Verdijusteringa til verkeleg verdi blir ført under "Andre inntekter og kostnader". Verdiendringar ført over andre inntekter og kostnader blir reklassifisert til «Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument» ved sal eller anna avhending av eigendelane.

Finansielle eigendeler og forpliktingar som blir målt til amortisert kost

Alle finansielle eigendeler som ikkje blir regnskapsført til verkeleg verdi, blir første gong balanseført til verkeleg verdi med tillegg av transaksjonskostnader. Andre forpliktingar rekneskapsført til amortisert kost blir første gong balanseført til verkeleg verdi med frådrag for transaksjonskostnader. Utlån til kundar som har kontraktsmessige kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar, og blir heldt i en forretningsmodell med formål å berre å ta i mot kontraktsfesta kontantstraumar, blir rekneskapsført til amortisert kost. Renteinntekter er inkludert i renteinntekter utrekna etter effektivrentemetoden av utlån til og fordringar på kundar. Kontantar og kontantekvivalentar og utlån til kredittinstitusjonar og finansieringsforetak har kontraktsmessige kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar og blir heldt i ein forretningsmodell for å ta i mot kontraktsfesta kontantstraumar, og desse blir rekneskapsført til amortisert kost. Renteinntekter og -kostnader er inkludert i renteinntekter/rentekostnader utrekna etter effektivrentemetoden av utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak. Finansielle forpliktingar består av innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak, innskot og andre innlån frå kundar samt gjeld stifta ved å utferde verdipapir. Alle disse postane blir målt til amortisert kost. Rentekostnader inngår i dei respektive resultatlinjene under rentekostnader utrekna etter effektivrentemetoden. Klassifisering av finansielle instrument blir synt i note 25.

2.7 Nettopresentasjon av finansielle eigendeler og forpliktingar

Finansielle eigendeler og forpliktingar blir presentert netto i balansen i dei tilfelle ein har ein juridisk rett til motrekning som kan handhevast av rettsvesenet og ein har til hensikt å gjere opp netto eller realisere eigendelen og gjere opp forpliktinga samstundes.

2.8 Varige driftsmidlar

Materielle eigendeler er klassifisert som varige driftsmidlar og blir vurdert til anskaffelseskost fråtrekt akkumulerte avskrivingar og nedskrivingar. Anskaffelseskost inkluderer utgifter direkte relatert til anskaffelsen. Reparasjonar og vedlikehald vert kostnadsført løpande i resultatrekneskapen. Varige driftsmidlar blir avskrive lineært over forventa brukstid. For eigendommar med avskriving blir det nytta ein avskrivingsperiode på 20 år. Inventar etc. blir avskrive over 0 - 10 år og IT-utstyr over 3 år. Restlevetid til eigendelene blir årleg vurdert og endra om dette er nødvendig. Det blir og vurdert om ein er pliktig til å nedskrive verdien på eit driftsmiddel.

2.9 Immaterielle eigendeler

Kjøpt programvare/-lisensar og banken si tilknyting til norsk infrastruktur for betalingsformidling er klassifisert som immaterielle eigendeler og blir balanseført til anskaffelseskost med tillegg av utgifter til å gjere programvare klar til bruk. Desse blir avskrive i samsvar med lengde på avtalane og eigendelen sin forventa økonomiske levetid. Restlevetid til eigendeler blir årleg vurdert og endra dersom dette er nødvendig. Det blir og vurdert om ein er pliktig til å nedskrive.

2.10 Pensjonar

Banken har ein innskotsordning for sine tilsette. Ordninga blir ivareteken av eit livselskap. Banken betaler eit årleg tilskot til den enkelte tilsette sin pensjonssparing i ein kollektiv avtale. Banken har ingen ytterlegare forplikting etter at det årlege innskotet er betalt. Premie inklusive arbeidsgivaravgift blir kostnadsført direkte.
Bidragsbaserte pensjonsordningar blir utrekna i samsvar med IAS 19.
Estimatavvik blir ført over andre inntekter og kostnader. Banken har ei gåvepensjonsordning for tilsette med tilsetjingsdato før 31.12.2014 som blir utrekna etter IAS 19.
Partane i arbeidslivet har inngått avtale om ny AFP-ordning, og premien blir utrekna av samla utbetalingar mellom 1 G og 7,1 G til dei tilsette i bedrifta. Det er underdekning i ordninga. Ved eventuell avvikling av ordninga har verksemdene som er med i ordninga plikt til videre premiebetaling for dekning av pensjonsutbetalingar til arbeidstakarar som er tiltrådt eller som fyller vilkåra for avtalefestet pensjon på avviklingstidspunktet. Premie inklusive arbeidsgivaravgift blir kostnadsført direkte.

2.11 Skatt

Årets skattekostnad omfattar betalbar skatt for inntektsåret og endring i utsett skatt på midlertidige forskjellar. Midlertidige forskjellar er forskjellar mellom balanseposter sin rekneskapsførte verdi og skattemessige verdi. Utsett skatt blir fastsett ved å nytte skattesatsar og skattereglar som gjeld på balansedagen og som ein forventar vil gjelde når den utsette skattefordelen blir realisert eller når den utsette skatten blir gjort opp. Utsett skattefordel blir balanseført i den grad det er sannsynleg at den vil kunne bli brukt mot framtidig skattepliktig inntekt.

2.12 Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstilling er utarbeida ved bruk av den direkte metode.

2.13 Hendingar etter balansedagen

Informasjon som framkjem etter balansedagen om banken si finansielle stilling på balansedagen, vil inngå i grunnlaget for vurdering av rekneskapsestimat i rekneskapen og vil såleis vere teke omsyn til i årsrekneskapet.
Hendingar som ikkje påverkar selskapet sin finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverke selskapet sin finansielle stilling i framtida er opplyst om dersom disse er vesentlege.
Desse hendingar kan i nokon grad være basert på estimat og skjønnsmessige vurderingar, og det blir synt til note 3: Kritiske estimat.

Note 3 Kritiske estimat

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen har leiinga i banken nytta estimat basert på beste skjønn og føresetnader som er vurdert å være realistiske. Det vil kunne oppstå situasjonar eller endringar i markedsforhold som kan medføre endra estimat, og dermed påverke banken sine eigendelar, gjeld, eigenkapital eller resultat.
Banken sine mest vesentlege rekneskapsestimat er knytt til følgjande postar:

- Nedskriving for forventa tap på utlån
- Verkeleg verdi for finansielle instrumenter
- Verkeleg verdi for overtatte eigendelar

Nedskriving for forventa tap på utlån

For engasjement som er omfatta av tapsgradsmodellen, bygger modellen på fleire kritiske føresetnader som banken fastset. Disse førsetnadane påverkar storleiken på forventa tap på utlån. Dei kritiske føresetnadane er risikoklassifiseringa, utvikling i risikoklassifisering, forventa levetid og tapsgrad. I tillegg vil konjunkturutvikling og makrovariablar bli tillagt vekt.

For engasjement som er i misleghald og som er i trinn 3 i modellen blir kontantstraummodellen nytta for å fastsette forventa tap. Tapet blir utrekna som forskjellen mellom balanseført verdi og noverdien av estimerte framtidige kontantstraumar diskontert med den opprinnelege effektive rentesats til utlånet. Estimering av framtidige kontantstraum blir gjort på grunnlag av skjønn relatert til sannsynlege utfall for mellom anna marknadsutvikling og konkrete forhold for det enkelte engasjement, her under verdivurderingar av trygd.

På grunn av vesentleg usikkerhet blir det vist til sensitivitetsanalyser gitt endring i ulike parametrar og dette fremgår av note 11.
Omfanget av betalingslettingar som har medført auka tapsrisiko for lån som ikkje allereie er vurdert for nedskriving er av banken vurdert til å vere uvesentleg.

Verkeleg verdi for finansielle instrumenter

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje blir handla i ein aktiv marknad blir fastsett ved å nytte ulike verdsetjingsteknikkar. I disse vurderingane søkjer banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadsforholda på balansedagen. I den grad det er praktisk mogleg blir det nytta observerbare data, men på områder som kredittrisiko, volatilitet og korrelasjonar må ein nytte estimat. Endring i forutsetningene om disse faktorane kan påverke verkeleg verdi på finansielle instrument.

Verkeleg verdi for finansielle instrumenter går fram av note 26.

Verkeleg verdi av overtekne eigendeler

Overtatte eigendelar er eigendeler som blir overtekne av banken i samband med oppfølging av mislegheldne eller nedskrivne engasjement. Ved overtaking blir eigendelene verdsett til estimert realisasjonsverdi.

Fastsetjing av forventa realisasjonsverdi er i stor grad basert på skjønn. Kva føresetnad som ligg til grunn for estimata som er mest kritiske er avhengig av kva for eigendelar som blir overtekne.

NOTE 4 Kapitalstyring og kapitaldekning

Tal i tusen kroner

	2021	2020
Bokført eigenkapital	602.012	566.152
Frådrag for forsvarlig verdisetting	-3.055	-2.826
Frådrag for imaterielle eiendeler	-21	0
Frådrag for investering i Vipps/Balder Betaling	0	-3.768
Frådrag for vesentleg inversteringar i finansiell sektor	0	0
Frådrag for overfinansiering pensjon	-333	0
Frådrag for ikkje vesentleg inversteringar i finansiell sektor	-71.783	-61.538
Netto ansvarleg kapital	526.820	498.021
Eksponeringskategori (vekta verdi)		
Statar	0	12.290
Lokal regional styresmakt	2.485	3.005
Offetleg sektor	0	
Institusjonar	40.122	31.216
Føretak	40.095	70.851
Massemarked	391.662	
Pantesikra eigedom	1.157.193	1.398.773
Forfalne engasjement	30.390	219.114
Høyrisiko	152.836	48.981
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	0
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	0	0
Andelar verdipapirfond	31.548	38.634
Egenkapitalposisjonar	81.004	78.793
Andre engasjement	51.974	25.143
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	**1.979.309**	**1.926.800**
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko - basismetoden	**174.982**	**164.095**
Berekningsgrunnlag	**2.154.290**	**2.090.895**
Kapitaldekning i %	24,45 %	23,82 %
Kjernekapitaldekning i %	24,45 %	23,82 %
Rein kjernekapitaldekning i %	24,45 %	23,82 %
Uvekta kjernekapital i %	12,35 %	12,83 %

Konsolidering av samarbeidande grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.

Banken har eigarandel på 6,94% i Verd Boligkreditt AS og 1,59 % i Brage Finans AS

	2021	2020
Rein kjernekapital	591.946	562.737
Kjernekapital	598.051	569.198
Ansvarleg kapital	606.187	577.793
Berekningsgrunnlag	**2.605.704**	**2.520.765**
Kapitaldekning i %	23,26 %	22,32 %
Kjernekapitaldekning i %	22,95 %	22,58 %
Rein kjernekapitaldekning i %	22,72 %	22,92 %
Uvekta kjernekapital i %	11,51 %	11,71 %

Banken sine kapitalkrav	2021	2020
Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %	2,50 %
Systemrisikobuffer	3,00 %	3,00 %
Motsyklisk buffer	1,00 %	1,00 %
Krav til rein kjernekapital	11,00 %	11,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	12,50 %	12,50 %
Krav til kapitaldekning	14,50 %	14,50 %
Banken si vurdering av Pilar 2 krav	2,10 %	1,90 %

Banken sine kapitalmål

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet. Banken har eit kapitalmål på 16 % på rein konsolidert kjernekapital. Banken sitt minstekrav til leverage ratio er på 6 % av eksponeringsbeløpet. Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå. Styret har vedteke følgjande kapitalmål på konsolidert nivå:

	2021	2020
Rein kjernekapitaldekning	16,00 %	16,00 %
Kjernekapitaldekning	17,00 %	17,00 %
Ansvarleg kapitaldekning	19,00 %	19,00 %

Sjå note 5 for meir informasjon.

NOTE 5 Risikostyring

Risikostyring

Banken sine forretningsaktivitetar fører til at verksemda er eksponert for ei rekkje finansielle risikoar.
Banken si målsetting er å oppnå ein balanse mellom avkastning og risiko, og å minimalisere potensielle negative verknader på banken sitt finansielle resultat.

Banken si finansielle risikostyring er etablert for å identifisere og analysere desse risikoane, samt å etablere passande risikorammer og -kontrollar, og å overvake at reglane vert haldne gjennom bruk av pålitelege og oppdaterte informasjons- system. Ansvaret for banken si risikostyring og kontroll er delt mellom banken sitt styre og leiinga.
Styret vedtek banken sine mål og rammestruktur innanfor alle risiko-område, herunder retningslinjer for styring av risiko innan kredittgjeving, handel med verdipapir og for renterisiko. Det er fastsett rutinar for rapportering til styret om utviklinga på risikoområda, og det er vedtekne eigne likviditet og marknadsstrategiar. Det er òg utvikla eit eige internkontrollsystem for den totale bank- verksemda. Det er fastsett retningslinjer og prinsipp for internkontroll.

Administrasjonen har ansvar for å følgje opp den daglege risikostyringa. Styret er merksam på risikoen ved høg utlånsvekst og kva verknad det kan ha for kapitaldekninga i banken. I tillegg er styret kjend med risikoen knytt til å vere meir avhengig av pengemarknaden. Styret har difor sett seg mål både på kapitaldekninga og likviditeten i banken, og vil treffa tiltak dersom kapital- dekninga og likviditeten kjem under desse måla. Banksjef har ansvaret for den samla risikostyringa i banken. Alle vedtak knytt til risiko og risikostyring vert normalt fatta av banksjef i samråd med andre medlemmer i banken si leiing. Banksjef har ansvar for utvikling av modellar og rammeverk for styring og kontroll i banken.

Alle leiarar i banken har ansvar for å styra risiko og sikre god intern kontroll innanfor eige område i tråd med banken sin vedtekne risikoprofil.
Drifta av banken er påverka av ei rekke tilhøve. Særleg innverknad har rente- og kredittrisiko. Andre større risikoar er likviditets- og kursrisiko i verdipapir. Bankverksemda medfører òg operasjonell risiko.

Kredittrisiko

Kredittrisiko vert styrd gjennom banken sin kredittstrategi. Det er utarbeidd kredittstrategi med policyar, rutinar og administrativ fullmaktsstruktur for styring av kredittrisiko. Kreditthandboka klargjer mellom anna krav til dokumentasjon og betjeningsevne for kundar som får innvilga kreditt og krav til sikkerheit for engasjementa.
Risiko i porteføljen blir kontinuerleg overvaka for å avdekka sannsynlegheit for misleghald, og for å kalkulera tap dersom misleghald inntreff. Kredittrisikoen til banken er hovud- sakeleg små enkeltrisikoar mot privat- og bedriftskundemarknaden. Etablert risiko- handtering skal sikre at kredittrisiko er i samsvar med banken sin risikovilje. Sjå note 2 for definisjonar og prinsipp.

Sikkerheit

Netto utsatt skattefordel er utrekna på grunnlag av dei mellombels skilnadene mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiane som eksisterte ved utgangen av rekneskapsåret.
Netto utsatt skattefordel er utrekna på følgjande måte:

Positive mellombels skilnader:	2021	2020	Endring
Vinst/tapskonto bygningar	26	32	-6
Skattemessige meiravskrivinger	1.017	899	118
Avsetning til pensjonsinnskotsfond	1.498	1.462	36
Sum positive mellombels skilnader	2.541	2.393	148
Utsatt skatt	**635**	**598**	**37**
Negative mellombels skilnader:			
Rekneskapsmessige avsetjingar	573	660	-87
Skattemessige mindreavskrivingar	0	0	0
Ekstraordinær nedskriving leiligheter	65	65	0
Pensjonsforpliktingar	23.377	21.417	1.960
Sum negative mellombels skilnader	24.015	22.142	1.873
Utsatt skattefordel	**6.004**	**5.536**	**468**
Netto utsatt skattefordel	**5.368**	**4.937**	**430**

Spesifikasjon av skilnaden mellom det rekneskapsmessige resultatet før skattar og årets skattepliktige inntekt:

	2021	2020
Resultat før skatt på videreført virksomhet	50.104	39.604
Sum andre inntekter og kostnader	-816	-290
Endring i mellombels skilnader	1.725	1.596
Endring i permanente skilnader	-13.137	-11.044
Grunnlag for berekning av betalbar skatt	**37.876**	**29.866**

Fordeling av skattekostnaden

	2021	2020
Inntektsskatt	9.469	7.466
Reduksjon/auke i utsatt skattefordel	-452	1.852
Poster ført over andre inntekter og kostnader	272	97
For mykje avsatt tidligare år	-32	11
Skatt på resultat frå videreført verksemd	**9.257**	**9.426**

Betalbar skatt i balansen

	2021	2020
Inntektsskatt	9.469	7.466
Tilgode skatt 2019	0	-98
Betalbar skatt i balansen	**9.469**	**7.368**

NOTE 25 KLASSIFIKASJON AV FINANSIELLE INSTRUMENT I BALANSEN

Pr. 31.12.2021

	Verkeleg verdi over resultat	Verkeleg verdi over utvida resultat	Amortisert kost	Totalt
Kontantar og fordring på sentralbank			70.966	70.966
Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar			214.172	214.172
Utlån til og fordring på kundar		2.549.505	934.058	3.483.563
Aksjer andeler og verdipapir med variabel avskastning	461.000			461.000
Sum finansielle eigendeler	**461.000**	**2.549.505**	**1.219.196**	**4.229.701**

Gjeld til kredittinstitusjonar			195.405	195.405
Innskot frå kundar			3.082.429	3.082.429
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir			345.444	345.444
Finansielle derivat	306		0	306
Sum finansielle forpliktingar	**306**	**0**	**3.623.278**	**3.623.584**

Pr. 31.12.2020

	Verkeleg verdi over resultat	Verkeleg verdi over utvida resultat	Amortisert kost	Totalt
Kontantar og fordring på sentralbank			71.454	71.454
Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar			165.529	165.529
Utlån til og fordring på kundar		2.308.191	870.664	3.178.855
Aksjer andeler og verdipapir med variabel avskastning	439.930			439.930
Sum finansielle eigendeler	**439.930**	**2.308.191**	**1.107.647**	**3.855.768**

Gjeld til kredittinstitusjonar			65.061	65.061
Innskot frå kundar			2.821.436	2.821.436
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir			400.735	400.735
Sum finansielle forpliktingar			**3.287.232**	**3.287.232**

NOTE 26 VERKELEG VERDI AV FINANSIELLE INSTRUMENT

Verkeleg verdi av finansielle instrument målt til amortisert kost

Det er i hovedsak utlån, innskot og innlån med flytande rentevilkår som blir vurdert til amortisert kost. Vurdering av verkeleg verdi blir gjort med utgangspunkt i kontraktsmessige vilkår til det finansielle instrumentet på balansedagen.

Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar
Dette er fordringar med kort løpetid og flytande rente. Her legg ein til grunn at verkeleg verdi er tilnærma lik amortisert kost.

Utlån til og fordringar på kundar
Flytande rente til kundar blir justert ut frå rentenivået i marknaden.
Utlån blir vurdert og skreve ned i samsvar med reglane i IFRS 9.
Neskriving i trinn 1 er ein modellberekna nedskriving som truleg ikkje vil ha innverknad på verdsetjinga ved eit eventuelt sal. Verkeleg verdi på utlån til amortisert kost blir difor vurdert å vere lik amortisert kost med tillegg av steg 1.

Gjeld til kredittinstitusjonar
Dette er gjeld der renta iflg låneavtale blir endra i samsvar med utviklinga i 3-måneders NIBOR. Her legg ein til grunn at verkeleg verdi er tilnærma lik amortisert kost.

Innskot frå kundar
Dette er innskot med kort løpetid og flytande rente. Her legg ein til grunn at verkeleg verdi er tilnærma lik amortisert kost.

Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir
Dette er gjeld der renta iflg låneavtale blir endra i samsvar med utviklinga i 3-måneders NIBOR. Her legg ein til grunn at verkeleg verdi er tilnærma lik amortisert kost.

	31.12.2021		31.12.2020	
	Balanse-ført verdi	Verkeleg verdi	Balanse-ført verdi	Verkeleg verdi
Kontantar og fordring på sentralbank	70.966	70.966	71.454	71.454
Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar	214.172	214.172	165.529	165.529
Utlån til og fordringar på kundar	934.058	941.376	870.664	875.017
Sum finansielle eigendeler	**1.219.196**	**1.226.514**	**1.107.647**	**1.112.000**
Gjeld til kredittinstitusjonar	195.405	195.405	65.061	65.061
Innskot frå kundar	3.082.429	3.082.419	2.821.436	2.821.436
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	345.444	345.444	400.375	400.375
Sum finansielle forpliktingar	**3.623.278**	**3.623.268**	**3.286.872**	**3.286.872**

Verdsetjingshirarki for finansielle instrument målt til verkeleg verdi

Tabellen nedanfor analyserer finansielle instrument balanseført til verkeleg verdi etter verdsetjingsmetode.
verdsetjingsmetode. Verdsetjingsmetodane blir delt inn i tre nivå.

Nivå 1

Verkeleg verdi blir målt ved bruk av kvoterte prisar frå aktive marknader for identiske finansielle instrument. I aktive marknader vil transaksjonar for eigendeler og forpliktingar vere så mange at marknaden gir kontinuerleg prisinformasjon. I denne kategorien inngår børsnoterte aksjar, fondsandelar, sertifikat og obligasjonar.

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata.

Nivå 3

Verdipapir

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. Dei fleste av banken sine aksjar er ikkje notert på aktive marknader og er difor blitt klassifisert i denne gruppa. På nokre av aksjane er det utarbeida verdivurderingar og då blir desse lagt til grunn. Dersom ein ikkje har noko anna, er andel av bokført eigenkapital nytta.

Utlån til kundar målt til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader

Utlån til kundar klassifisert til verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader blir verdsett til pålydande saldo inkl. påløpte renter og forventa tap. Utlån utan vesentleg auke i kredittrisiko sidan førstegongsinnrekning blir verdsett til pålydande saldo. Utlån med vesentleg auke i kredittrisiko etter førstegongsinnrekning (trinn 2 og 3) blir verdsett til saldo fråtrekt berekna tap over levetida til instrumententet.

31.12.2021

Finansielle eigendeler	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	**0**	**0**	2.549.505	**2.549.505**
Obligasjonar	0	0	0	**0**
Pengemarknad og obligasjonsfond	313.463	0	0	**313.463**
Aksjar	6.710	0	140.827	**147.537**
Sum	**320.173**	**0**	**2.690.332**	**3.010.505**

Avstemming nivå 3 aksjer og eigenkapitalbevis	Nivå 3
Inngåande balanse 01.01	131.551
Realisert vinst/tap	0
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	5.067
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat	0
Investering	10.001
Salg	-5.792
Utgåande balanse	**140.827**

Avstemming nivå 3 utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Nivå 3
Inngåande balanse 01.01 brutt utlån	2.308.760
Netto endringar	-64.203
Nye engasjement	947.521
Frårekna engasjement	-642.075
Nedskriving	-1.633
Tilbakeføring trinn 1 over andre inntekter og kostnader for å justere PM-kundar til verkeleg verdi	1.135
Utgåande balanse utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	**2.549.505**

31.12.2020 Finansielle eigendeler	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	**0**	**0**	2.308.191	**2.308.191**
Obligasjonar	0	0	0	**0**
Pengemarknad og obligasjonsfond	293.559	0	0	**293.559**
Aksjar	5.611	0	131.551	**137.162**
Aksjefond	9.209	0	0	**9.209**
Sum	**308.379**	**0**	**2.439.742**	**2.748.121**

NOTE 27 VERDIPAPIR TIL VERKELEG VERDI OVER RESULTATET

31.12.2021

	Eigarandel	Org.-nummer	tal	kostpris	Bokført verdi
Aksjefond, obligasjonsfond og pengemarknadsfond					
Holberg likviditet		982.371.929	246.525	25.213	25.133
Pareto Likviditet		980.938.360	41.977	41.888	41.949
DNB Global Treasury		916.476.043	71.202	65.172	65.017
DNB European Coverd Bonds		991.415.610	134.338	93.780	94.458
DNB OMF		915.038.646	86.316	86.291	86.907
Sum aksjefond, obligasjonsfond og pengemarknadsfond				**312.345**	**313.463**
Aksjer og eigenkapitalbevis					
DNB ASA	Uvesentleg	981.276.957	15.942	420	3.220
Gjensidige Forsikring ASA	Uvesentleg	995.568.217	11.193	997	2.395
Lerum Brygge AS	10,00 %	918.064.907	4.000	2.000	2.000
Sogn Sparebank	1,20 %	837.897.912	7.600	769	1.095
Balder Betaling AS	0,89 %	918.693.009	170.031	3.370	4.217
Brage Finans AS	1,59 %	995.610.760	2.170.040	25.022	33.534
Eiendomskreditt AS	1,85 %	979.391.285	99.222	10.149	15.952
Fjord Invest AS	1,80 %	983.527.893	2.300	2.261	0
Frende Holding AS	0,57 %	991.410.325	38.324	4.352	19.842
Luster Energiverk AS	15,69 %	933.297.292	1.359	11.019	17.667
Fjord Invest Sørvest AS	2,40 %	990.311.528	1.684.900	1.685	0
Norne Securities AS	0,63 %	992.881.461	117.095	943	236
Verd Boligkreditt AS	6,27 %	994.322.427	40.140	40.934	45.191
VN Norge AS	0,69 %	821.083.052	*)	0	767
Visa Inc	Uvesentleg	Utenlandsk	40	0	457
Kredittforeningen for Spb.	0,92 %	986.918.930	460	474	551
Andre selskap				204	413
Sum aksjar og eigenkapitalbevis				**104.599**	**147.537**
Sum verdipapir til verkeleg verdi over resultatet				**416.944**	**461.000**

*) Luster Sparebank eig 707.235.617.231.085 aksjar i VN Norge AS

31.12.2020	Eigarandel	Org.-nummer	tal	kostpris	Bokført verdi
Aksjefond, obligasjonsfond og pengemarknadsfond					
Heimdal Høyrente		918.195.440	31.277,4	3.176	3.462
Fondsforvaltning Pluss Likviditet 2		963.173.873	21.130,6	21.178	21.465
Dnb Likviditet IV		982.736.919	19.608,5	20.000	20.008
Pareto Likviditet		980.938.360	1.870,9	1.867	1.895
Holberg likviditet		982.371.929	384.216,0	39.489	39.666
DNB Global Treasury		916.476.043	56.281,0	51.492	52.092
DNB European Coverd Bonds		991.415.610	115.887,0	80.751	81.549
DNB OMF		915.038.646	72.436,0	72.344	73.422
DnB Global		971.582.774	32.828,0	1.000	3.720
DnB Norden		938.545.456	423,8	500	1.762
DnB Europa		979.889.941	4.767,5	500	816
Odin Norden C		980.146.561	322,0	500	1.224
Odin Europa C		981.177.649	3.863,4	500	799
Odin Emerging Markets C		981.177.835	2.523,2	500	888
Sum aksjefond, obligasjonsfond og pengemarknadsfond				**293.797**	**302.768**

Aksjer og eigenkapitalbevis					
DNB ASA	Uvesentleg	981.276.957	15.942	420	2.679
Gjensidige Forsikring ASA	Uvesentleg	995.568.217	11.193	997	2.142
Lerum Brygge AS	10,00 %	918.064.907	4.000	2.000	2.000
Sogn Sparebank	1,20 %	837.897.912	7.600	769	790
Balder Betaling AS	0,79 %	918.693.009	159.789	3.115	3.768
Brage Finans AS	1,59 %	995.610.760	2.170.040	24.264	30.329
Eiendomskreditt AS	1,85 %	979.391.285	99.222	10.149	15.370
Fjord Invest AS	1,80 %	983.527.893	2.300	157	0
Frende Holding AS	0,57 %	991.410.325	38.324	4.352	19.842
Luster Energiverk AS	15,69 %	933.297.292	1.359	11.019	17.667
Fjord Invest Sørvest AS	2,40 %	990.311.528	1.684.900	0	0
Norne Securities AS	0,75 %	992.881.461	137.760	110	270
Verd Boligkreditt AS	6,94 %	994.322.427	36.422	36.984	40.163
VN Norge AS	0,69 %	821.083.052	*)	0	778
Visa Inc	Uvesentleg	Utenlandsk	40	0	464
Kredittforeningen for Spb.	0,92 %	986.918.930	460	474	558
Andre selskap				73	342
Sum aksjar og eigenkapitalbevis				**94.883**	**137.162**
Sum verdipapir til verkeleg verdi over resultatet				**388.680**	**439.930**

*) Luster Sparebank eig 707.235.617.231.085 aksjar i VN Norge AS

NOTE 28 VARIGE DRIFTSMIDLAR

	Maskiner og inventar	Program vare	Fritids eigendom	Bankbygg	Sum
Kostpris 1.1	5.184	998	3.854	14.663	**24.699**
Tilgang	1.014	0	0	0	**1.014**
Avgang	0	0	0	0	**0**
Kostpris pr. 31.12	6.198	998	3.854	14.663	25.713
Akkumulerte avskrivingar 1.1	3.665	865	1.786	10.677	**16.993**
Avgang akkumulerte avskrivingar	0	0	0	0	**0**
Årets avskrivingar	**597**	**112**	**54**	**195**	**958**
Akkumulerte avskrivingar 31.12	4.262	977	1.840	10.872	**17.951**
Bokført verdi 31.12	**1.937**	**21**	**2.014**	**3.791**	**7.763**

I årsregnskapet framkjem dette slik:					
Imaterielle eigendeler		**21**			**21**
Eigendom nytta av eigar			**2.014**	**3.791**	**5805**
Andre varige driftsmidler	**1937**				**1937**
Sum varige driftsmidler	**1.937**		**2.014**	**3.791**	**7.742**

NOTE 29 LEIGEAVTALAR

Husleigeavtale Hafslo
Luster Sparebank leiger lokaler som huser fillialen på Hafslo.
Leigeforholdet går frå 01.07.2013 til 01.07.2023. Etter dette opphører leigeforholdet uten oppseiing.
Leigeforholdet kan ikkje seiast opp i leigeperioden.

Leietaker har rett til å forlenge leigeavtalen med 10 år, men slik at at leige blir justert til marknadsleige.
Dersom leigetakar ønskjer å nytte retten sin, må dette seiast frå skriftleg til utleigar seinast 30.06.2022.
Årsleige har i 2021 utgjort kr 106.800,-. Husleige blir årleg regulert med konsumprisindeksen.
Husleige for 2022 vil utgjere kr 112.200,-.

NOTE 30 ANDRE EIGENDELER

	2021	2020
Overtekne eigendeler	308	308
Pensjonsmidlar	23.710	22.595
Opptjente, ikkje mottekne inntekter	4.549	3.927
Forskotsbetalte kostnader		
Andre eigendeler	355	32
Sum forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader og opptente, ikkje mottekne inntekter	**28.922**	**26.862**

NOTE 31 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSIERINGSFORETAK

	2021	Rente	2020	Rente
Innlån utan avtalt løpetid til amortisert kost	0		0	
Innlån med avtalt løpetid til amortisert kost	195.405	1,09 %	65.061	1,69 %
Sum innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	**195.405**		**65.061**	

Rentesats er berekna utfrå gjennomsnittleg behaldning av innlån.

Endringar i innlån frå kreditt-institusjonar i perioden	Balanse 31.12.2021	Nye innlån	Forfallt	Betalt rente	Kostnadsført rente	Balanse 31.12.2020
Innlån frå kredittinstitusjonar til amortisert kost	195.405	165.000	-35.000	-1.074	1.418	65.061
Sum innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	195.405	165.000	-35.000	-1.074	1.418	65.061

NOTE 32 INNSKOT FRÅ OG GJELD TIL KUNDAR

	2021	2020
Innskot frå og gjeld til kundar til amortisert kost	3.082.429	2.821.436
Sum innskot kundar	**3.082.429**	**2.821.436**
Gjennomsnitleg rentesats	**0,39 %**	**0,77 %**
Innskot fordelt på geografisk område		
Luster	2.060.081	1.873.773
Sogn og Fjordane	306.615	292.680
Landet ellers	715.733	654.983
Sum innskot kundar	**3.082.429**	**2.821.436**

Innskot fordelt på sektor og næring		
Lønstakarar	2.259.361	2.123.634
Offentleg sektor	184.837	118.563
Finans og andre sektorar	108.967	102.989
Næring		
- Primærnæring	59.368	56.655
- Industri	27.609	16.608
- Kraftproduksjon	50.750	22.461
- Bygg og anlegg	123.374	94.552
- Handel	37.044	48.301
- Hotell og resturantdrift	33.536	28.099
- Transport	6.784	9.371
- Eigedomsdrift	96.456	88.792
- Andre tjenesteytande næringar	86.753	99.749
- Interesseorganisasjonar	7.590	11.662
Sum næring	**529.264**	**476.250**
Sum innskot kundar	**3.082.429**	**2.821.436**

Endringar i innskot i perioden	**Balanse 31.12.2021**	**Netto Innskot innbetalt frå kundar**	**Rente tillagt inn-skotskonto**	**Balanse 31.12.2020**
Innskot kundar	3.082.429	249.351	11.642	2.821.436
Sum innskot kundar	**3.082.429**	**249.351**	**11.642**	**2.821.436**

NOTE 33 VERDIPAPIRGJELD

Gjeld stifta ved å utstede verdipapir

ISIN-nr	Låneopptak	Forfall	Pålydende	Rente	2021	2020
Sertifikat og obligasjonslån til amortisert kost						
NO0010785900	03.02.2017	03.02.2021	0	3MN + 0,86 %	0	80.170
NO0010791643	27.04.2017	27.04.2021	0	3MN + 0,82 %	0	60.128
NO0010813967	11.01.2018	11.01.2022	5.000	3MN + 0,76 %	5.019	70.164
NO0010822018	04.05.2018	04.05.2022	20.000	3MN + 0,75 %	20.047	80.152
NO0010835333	01.11.2018	01.11.2022	60.000	3MN + 0,72 %	60.147	60.112
NO0010873573	24.01.2020	24.08.2023	70.000	3MN + 0,54 %	70.168	50.082
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	60.000	3MN + 0,61 %	60.135	0
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	60.000	3MN + 0,53 %	60.012	0
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	70.000	3MN + 0,53 %	70.129	0
Over/underkurs					-213	-73
Sum sertifikat og obligasjonslån til amortisert kost			**345.000**		**345.444**	**400.735**

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2021	Emitert	Forfallt	Betalt rente og O/U-kurs	Kostnadsført rente og O/U-kurs	Balanse 31.12.2020
Sertifikat og obligasjoner til amortisert kost	345.444	210.000	-265.000	-4.266	3.975	400.735
Sum gjeld stifta ved å utstede verdipapir	345.444	210.000	-265.000	-4.266	3.975	400.735

NOTE 34 ANNA GJELD

Anna gjeld	2021	2020
Skattetrekk	727	666
Arbeidsgiveravgift	860	945
Meirverdiavgift	27	13
Formuesskatt	900	900
Avsette feriepenger	1.639	1.643
Avsett bonus	496	660
Sum anna gjeld	**4.649**	**4.827**

NOTE 35 FINANSIELLE DERIVAT

Oppstillinga under syner virkeleg verdi av banken sine finansielle derivat bokført som eigendeler eller gjeld. Den nominelle verdien av kontraktane blir også vist. Positiv marknadsverdi av kontraktar blir bokført som eigendel. Negativ marknadsverdi av kontraktar blir bokført som gjeld.

	31.12.2021			31.12.2020		
	Kontrakts-sum	Verkeleg verdi Eigendeler	Gjeld	Kontrakts-sum	Verkeleg verdi Eigendeler	Gjeld
Rentebytteavtale	50.000	0	306			
	50.000	0	**306**			

NOTE 36 PENSJON

AFP-ordning
Tilsette i Luster Sparebank har rett til AFP. AFP-ordninga som gjeld frå og med 1. januar 2011 er å sjå på som ei bidragsbasert fleirforetaksordning, men rekneskapsførast som ei innskotsordning fram til det føreligg påliteleg og tilstrekkeleg informasjon slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proposjonale del av pensjonskostnad, pensjonsforplikting og pensjonsmidlar i ordninga. Selskapet si forplikting etter den nye afp-ordningen er dermed ikkje balanseført som gjeld.

Gåvepensjon
Luster Sparebank har ein lukka gåvepensjonsordning. Luster Sparebank har garantert medlemmer av ordningen 70 % av sluttløn frå 62 til 67 år dersom dei går av med førtidspensjon. Dette vil seie at summen av folketrygd, AFP og gåvepensjon skal vere minst 70 % av sluttløn i perioden ein er pensjonist mellom 62 og 67 år. Den berekna forpliktinga knytt til gåvepensjonen utgjer om lag kr 11,8 millionar. 13 tilsette har rett på gåvepensjon. Avtalen gjeld ikkje banksjef som har eigen avtale.

Pensjon banksjef
Det er etablert eigen pensjonsavtale for banksjef. Banksjef har rett og plikt til å gå av ved fylte 67 år. Ifølge avtale er Luster Sparebank sin pensjonsforplikting ovanfor banksjef sikra ved at midlar er blitt investert i eit verdipapirfond. Banksjef har risikoen for verdiutviklinga av fondet. Ved pensjonering skal fondet utbetalast over 15 år. Luster Sparebank si forplikting er lik verdien på fondet.

Innskotsbaserte ordningar
Alle tilsette har innskotspensjon. Innskotsbaserte pensjonar er ordningar der selskapet forpliktar seg til å betale ein årleg premie. Den tilsette sin pensjon vil vere avhengig av innbetalte midlar og avkastninga på midlane. For selskapet er årets kostnad lik årets premie. Banken er pliktig til å ha ei tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Banken sin innskotspensjonsordning tilfredstiller krava i lova.

Pensjonskostnaden i 2021
Luster Sparebank har ein samla pensjonskostnad på kr 2,4 millionar i 2021. I tillegg blir det kostadsført eit estimatavvik på gåvepensjon på kr 0,09 mill under andre inntekter og kostnader. Pensjonskostnaden i 2020 var på kr 2,1 millionar. Luster Sparebank er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon og pensjonsordningane tilfredstillar krava i denne lova.

Pensjonskostnad	2021	2020
Gåvepensjonsavtale	934	910
Avkastning på middel avsett til gåvpensjon	-260	-550
Pensjonsavtale banksjef	171	326
Avkastning pensjonsmiddel avsatt til pensjon banksjef	-171	-326
AFP	153	291
Innskotsordning	1.365	1.255
Arbeidsgiveravgift og finansskatt av AFP og innskotspensjon	237	241
Netto pensjonskostnad	**2.429**	**2.147**

Estimatavvik gåvepensjon ført under andre kostnader og inntekter	**855**	**609**

Pensjonsforplikting	2021	2020
Estimert verdi av gåvepensjon	11.767	10.219
Estimert verdi av forplikting ovanfor banksjef	8.456	8.309
Arbeidsgiveravgift	3.155	2.890
Sum pensjonsforplikting	**23.377**	**21.417**

Økonomiske føresetnader for berekning av gåvepensjonsforplikting

	2021	2020
Diskonteringsrente	1,50 %	1,50 %
Forventa regulering av løn	2,50 %	2,00 %
Forventa auke av pensjonar under utbetaling	0,00 %	0,00 %
Forventa G-regulering	2,25 %	1,75 %
Uttaksrate gåvepensjon	50,00 %	50,00 %

Pensjonsmidlar

Gåvepensjon og pensjon banksjef er sikra med innskot i DNB Livsforsikring AS og plassering i verdipapirfondet DNB Aktiv. Midlane er banken sin eigendom inntil dei kjem til utbetaling. I tillegg har banken eit innskotsfond som kan nyttas til å dekke innskot i Luster Sparebank sin innskotspensjonsordning.

På eigarsida i balansen framkjem desse midlane slik:	2021	2020
Innskot i DNB Livsforsikring AS	12.437	11.529
Plassering i DNB Aktiv	8.456	8.308
Arbeidgiveravgift	1.319	1.296
Innskotsfond	1.498	1.462
Sum pensjonsmidlar	**23.710**	**22.595**

Note 37 GARANTIAR OG PANTSETJINGAR

Garantiar	2021	2020
Betalingsgarantiar	10.058	9.483
Kontraktsgarantiar	14.640	9.132
Skattegarantiar	1.650	1.650
Anna garantiansvar	4.992	5.033
Sum garantiansvar overfor kundar	**31.340**	**25.298**

Pantsetjingar		
Virkeleg verdi av verdipapir pantsatt til fordel for Norges Bank	246.381	207.063
Sum pantsetjingar	**246.381**	**207.063**

Verd Boligkreditt AS

Luster Sparebank har avtale om juridisk sal av utlån med høg sikkerhet og pant i eigendom til Verd Boligkreditt AS (Verd) som blir eigd av 9 frittståande sparebankar. Etter inngått forvaltningsavtale med Verd står dei enkelte sparebankane for forvalting av utlåna og opprettheld også kundekontakten. Bankane mottek eit vederlag i form av provisjon for dei plikter som følgjer med forvaltning av låna. Luster Sparebank har vurdert dei rekneskapsmessige konsekvensane slik at det vesentlege av risiko og fordeler ved eigarskap knytt til dei selde utlåna er overført, og det har som konsekvens full fråreknin g. Motteke vederlag for lån overført til Verd tilsvarar bokført verdi av hovudstol inkl. påløpte renter og blir vurdert å samsvare med låna sin verkelege verdi på overføringstidspunktet. Eigarbankane innreknar alle rettar og plikter som blir skapt eller behaldt ved overføringa separat som eigendel eller forplikting. Dersom Verd får tap på overtekne lån har dei ein viss motrekningsrett i provisjonar frå alle banker som har overført lån. Det føreligg dermed ein begrensa attverande involvering knytt til selde utlån ved mogleg begrensa avrekning av tap mot provisjon. Denne motrekningsretten er ikkje vurdert å vere av ein slik karakter at den endrar på konklusjonen om at det vesentlege av risiko og fordeler ved eigarskap er overført. Dersom Luster Sparebank ikkje er i stand til å betene kundane, kan Verd overføre forvaltningsansvaret til ein eller fleire andre eigarbankar. Retten til provisjon vil i ein slik situasjon felle vekk. Videre har Luster Sparebank ein rett til å kjøpe tilbake utlån under gitte vilkår. Bankens eigerandel i Verd går fram av note 27 .

Verd Boligkreditt AS har konsesjon som kredittforetak med rett til å utferde obligasjonar med fortrinnsrett (OMF), og erverve utlån med pant i bustad og utferde OMF innanfor gjeldande regelverk. Verd Boligkreditt AS har en rating frå Scope Ratings på AAA med "stable outlook" frå mai 2019. Lån seld til Verd er sikra med pant i bustad innanfor 75 prosent av dokumentert verdi på bustad. Selde lån er juridisk eigd av Verd, og Luster Sparebank har ingen rett til bruk av låna, utover retten til å stå for forvaltning og å motta provisjon, samt rett til å overta helt eller delvis nedskriven verdi. Eigarbankane forvaltar dei selde utlåna og mottek provisjon basert på nettoen av avkastninga på utlåna banken har seld og kostnadene i Verd. Totalt er det fråreknа bustadlån til Verd for kr 727,0 mill. ved utgangen av rekneskapsåret. Motteke vederlag for lån overført frå banken til Verd tilsvarar nominell verdi på overførte utlån og er vurdert tilnærma samanfallande med låna sin verkelege verdi ved utgangen av 2021 og 2020. Luster Sparebank pliktar å finansiere inntil 10 % av lånevolumet banken har overført Verd, og pr 31.12.21 utgjer denne finansieringa kr 80 mill. Beløpet inngår i balanseposten Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak til amortisert kost. Låna overført til Verd er godt sikra og risikoen for tap er liten. Banken har også inngått ein aksjonæravtale med aksjonærane i Verd Boligkreditt AS. Denne inneber blant annet at banken skal bidra til at Verd Boligkreditt AS til ein kvar tid har ein rein kjernekapitaldekning (Core Tier 1) som er i samsvar med dei krav som styresmaktene fastset (inkl. krav til bufferkapital og Pilar 2 utrekningar), og eventuelt å tilføre kjernekapital om den fell til eit lågare nivå.

NOTE 38 HENDING ETTER BALANSEDAGEN

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av eller tilleggsopplysningar i rekneskapet eller i notar til rekneskapet.

Nøkkeltall

RESULTATANALYSE (i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	**2021**	**2020**
Renteinntekter og liknande inntekter	2,05	2,65
Rentekostnader og liknande kostnader	0,49	0,85
Netto renteinntekter	**1,56**	**1,80**
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	0,44	0,40
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,05	-0,05
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	0,19	0,17
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,18	0,26
Andre driftsinntekter	0,00	0,00
Sum andre inntekter	**0,76**	**0,78**
Løn og andre personalkostnader	0,48	0,52
Andre driftskostnader	0,50	0,51
Av-/nedskrivingar, verdiendringar og vinst/tap ikkje-fin. eigendeler	0,02	0,03
Sum driftskostnader	**1,00**	**1,06**
Resultat fra videreført verksemd før tap	**1,32**	**1,52**
Kredittap på utlån, garantiar mv og renteberande verdipapir	0,09	0,50
Resultat før skatt fra videreført verksemd før tap	**1,23**	**1,02**
Skatt på resultat fra videreført verksemd	0,23	0,25
Resultat før andre inntekter og kostnader	**1,00**	**0,78**
Andre inntekter og kostnader	-0,02	-0,01
Totalresultat for regnskapsåret	**0,98**	**0,78**
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (NOK 1.000)	4.071.073	3.831.043

ANDRE NØKKELTALL		
Lønsemd		
Eigenkapitalavkastning etter skatt	6,99 %	5,71 %
Kostnadsprosent ekskl verdipapir	47,05 %	45,30 %
Soliditet		
Egenkapital i % av forvaltningskapital	14,09 %	14,53 %
Uvekta kjernekapital (LR)	12,35 %	12,83 %
Soliditet konsolidert		
Uvektet kjernekapital (LR) etter innkonsolidering av Verd Boligkreditt AS og Brage Finans AS	11,51 %	11,71 %
Likviditet		
Likviditetsreserve - LCR	180 %	160 %

Til generalforsamlinga i Luster Sparebank

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert Luster Sparebank sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumanalyse for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Vår konklusjon er konsistent med vår tilleggsrapport til revisjonsutvalet.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen.* Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Vi er ikkje kjend med at vi har levert tenester som er i strid med forbodet i revisjonsforordninga (EU) No 537/2014 artikkel 5 nr. 1.

Vi vart første gang valt som revisor for Luster Sparebank før 1995 og har no vore revisor i ein samanhengande periode på minst 27 år.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var av størst betyding ved revisjonen av årsrekneskapen for 2021. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utført og då danna vi oss ei meining om årsrekneskapen totalt sett. Vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

PricewaterhouseCoopers AS, Parkvegen 5, NO-6856 Sogndal
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap

Sentrale tilhøve ved revisjonen	Korleis vi i vår revisjon handterte sentrale tilhøve ved revisjonen
Nedskriving for forventa tap Utlån utgjer ein vesentleg del av eigendelane i balansen. Vurdering av nedskrivingar er basert på eit modellbasert rammeverk med element som krev at leiinga brukar skjønn. Rammeverket er komplekst og omfattar store mengder data og skjønsmessige parameter. Vi fokuserer på verdsetting av utlån på grunn av innverknaden nedskrivings-vurderingane har for verdien, og det faktum at bruk av skjønn har ein potensiell verknad på resultatet for perioden. I tillegg er det ein ibuande risiko for feil på grunn av kompleksiteten og mengda data som vert nytta i modellen. I samsvar med IFRS 9 skal nedskrivingane på utlån bygge på meir framoverskuande vurderingar, slik at nedskrivingane reflekterer forventa tap. Luster Sparebank nyttar modellar og informasjon frå ein tenesteleverandør i berekninga av forventa tap. Bruk av modellar for å rekne ut venta kreditt-tap omfattar bruk av skjønn. Vi har særleg fokusert på: • klassifisering av porteføljene etter risiko og type segment, • identifisering av lån der det har vore ein vesentleg auke i kredittrisikoen, • korleis låna vert kategorisert i ulike trinn, • ulike parameter som tapsgrad og forventa levetid I tillegg vert det gjort individuelle avsetningar for utlån der det ligg føre objektive indikasjonar på verdifall. Denne vurderinga krev og at leiinga brukar skjønn.	Ved vår revisjon av tapsavsetningane har vi vurdert og gjennomgått utforminga og effektiviteten av kontrollar for kvalitetssikring av nytta føresetnader og utrekningsmetodar. Vidare har vi testa detaljar både i avsetningane som er utrekna ved bruk av modellen og i avsetningane som er utrekna individuelt. Vi har opparbeidd oss ein detaljert forståing av prosessen og testa relevante kontrollar retta mot å sikre: • kalkulasjon og metode som vart nytta, • at modellen som vart nytta var i samsvar med rammeverket og at modellen fungerte som den skulle, • truverd og presisjonen i data som vart nytta i modellen. Vår testing av kontrollane ga ingen indikasjon på vesentlege feil i modellen. For utlån der nedskrivingsbeløp var individuelt utrekna testa vi eit utval ved å vurdere realisasjonsverdien som leiinga hadde lagt til grunn for å underbygge utrekninga av nedskrivingsbeløpet. Vi utfordra dei føresetnadane som leiinga hadde lagt til grunn ved å intervjue kredittmedarbeidarar og leiinga. Vidare testa vi om utlån med individuelle tapsavsetningar var korrekt klassifisert i modellen og vurderte rimelegheita av dei totale tapsavsetningane. Avvik som vart avdekka i vår testing var ikkje vesentlege. Verknaden av pandemien, og påverknaden dette har på individuelle nedskrivingar og modellavsetningar, vart diskutert med leiinga. Vårt arbeid omfatta også testar retta mot banken sine finansielle rapporteringssystem. Banken nyttar eksterne serviceleverandørar for å drifte enkelte sentrale kjerne IT-system. Revisor hos dei relevante serviceorganisasjonane er nytta til å evaluere design og effektivitet av og teste etablerte kontrollar som skal sikre integriteten av IT-systema som er relevant for finansiell rapportering. Revisor har avgitt ein

ISAE 3402 type 2 rapport og rapport om revisjon av applikasjonskontrollar og rapportar.

Revisor sin testing omfatta mellom anna om sentrale utrekningar gjort av kjernesystema vart utført i samsvar med forventningane. Dette gjeld mellom anna utrekning av rente og amortiseringar. Testinga omfatta også integriteten av data, endringar av og tilgang til systema.

For å ta stilling til om vi kunne legge informasjonen i revisor sine rapportar til grunn for våre vurderingar, forsikra vi oss om kompetansen og objektiviteten til revisor og gjekk gjennom tilsendte rapportar og vurderte mogelege avvik og tiltak. Vi har sjølv gjennomført testing av tilgangskontrollar til IT-system og arbeidsdeling der det var nødvendig av omsyn til våre eigne konkrete revisjonshandlingar.

Våre vurderingar og testar underbygger at vi kunne legge til grunn at data som vert handtert i, og utrekningar som vert gjort av banken sine kjernesystem var å lite på. Dette var eit nødvendig grunnlag for vår revisjon.

Våre vurderingar og testar underbygger at vi kunne legge til grunn at data som vert handtert i, og utrekningar som vert gjort av banken sine kjernesystem var å lite på. Dette var eit nødvendig grunnlag for vår revisjon.

Banken sin note 2, 3, 5, 6, 9 og note 11 til rekneskapen er relevante for å skildre banken sin tapsmodell og for å skildre korleis banken estimerer tapsavsetningane sine etter IFRS 9. Vi har lest notane og fann at informasjonen knytt til tapsmodell, ulike parameter og skjønnsmessige vurderingar var tilstrekkeleg og dekkande.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.

- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

Vi gir revisjonsutvalet ei melding om at vi har etterlevd relevante etiske krav til uavhengighet, og om at vi har kommunisert og vil kommunisere med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkjast å kunne påverke uavhengigheten vår, og, der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Av dei sakene vi har kommunisert med styret, tar vi standpunkt til kva for saker som var av størst betyding for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som derfor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Vi omtaler desse sakene i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at saka vert gjort offentleg, eller dersom vi, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at ei sak ikkje skal omtalast i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimelege grenser oppveg allmenta si interesse av at saka vert omtala.

Sogndal, 18. mars 2022
PricewaterhouseCoopers AS

Jon Haugervåg
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

Name	*Method*	*Date*
Haugervåg, Jon	BANKID_MOBILE	2022-03-18 13:31

This document package contains:

- *Closing page (this page)*
- *The original document(s)*
- *The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.*

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.